

**HØYRINGSFRÅSEGNER NOREGS MÅLLAG HAR LEVERT I LANDSMØTEPERIODEN
APRIL 22 TIL APRIL 24**

I KRONOLOGISK REKKJEFØLGJE, ELDSTE DATO FYRST

| | |
|---|----|
| Høyringssvar NOU Akademisk ytringsfrihet – God ytringskultur må bygges nedenfra, hver dag..... | 2 |
| Høyring - forskrift om deling av Ålesund kommune..... | 3 |
| Høyringssvar - framlegg til forskrift til språklova..... | 4 |
| Høyringssvar fra Noregs Mållag: Grunnlag for ny universitets- og høyskolelov..... | 13 |
| Høyringssvar - framlegg til Lov for omsetning av bøker (boklovA)..... | 15 |
| Høyringssvar endringsdirektivet til AMT-direktivet | 17 |
| NOU 2022:9: En åpen og opplyst offentlig samtale - høyringssvar fra Noregs Mållag | 19 |
| Høyringssvar - forskrift om opptak til høyare utdanning..... | 23 |
| NOU 2022:17 Veier inn - ny modell for opptak til universiteter og høyskoler | 24 |
| Høyringssvar til NOU 2022: 18 Mellom mobilitet og migrasjon | 25 |
| Høyring om framlegg til rettskrivingsendringar, 2023 | 26 |
| Innspel til handlingsplan for norsk fagspråk i akademia..... | 27 |
| Innspel til leselyststrategien..... | 29 |
| Høyringssvar fra Noregs Mållag: Endringar i forskrift om rammeplanar for lærarutdanningane . | 32 |
| Høyringssvar: utkast til endringar i kulturlova | 34 |
| Høring Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (Styring og finansiering av barnehagesektoren)..... | 35 |
| Høring NOU 2023: 27 Et nytt system for kvalitetsutvikling - for elevenes læring og trivsel..... | 36 |
| Høyringssvar fra Noregs Mållag til NOU 2023:29 Abort i Norge - Ny lov og bedre tjenester | 37 |

HØYRINGSSVAR NOU AKADEMISK YTRINGSFRIHET – GOD YTRINGSKULTUR MÅ BYGGES NEDENFRA, HVER DAG.

(25. JUNI 2022)

Onsdag 30. mars kom ekspertgruppa for akademisk ytringsfridom med sin Nou *Akademisk ytringsfrihet – God ytringskultur må bygges nedenfra, hver dag*.

Noregs Mållag vil gjerne kome med innspel til utgreiinga, og me legg særleg vekt på dei språklege perspektiva i høyringssvaret. Innspela er difor særleg til punkt 15 i oppsummeringa og kapittel 7.4.6.

Noregs Mållag er svært glade for at utvalet ser på bruken av norsk språk som ein viktig del av den akademiske ytringsfridomen, og at kunnskapsformidling på det norske fellesspråket er avgjerande for eit opplyst og velfungerande demokrati. Me meiner likevel at utgreiinga ikkje i tilstrekkeleg grad følgjer opp prinsippet og ansvaret det offentlege har for nynorsk som mindretalsspråk etter § 1 tredje ledd i språklova.

Det er ein dramatisk nedgang i bruken av norsk i akademia, og noko må gjerast. For Noregs Mållag er det viktig å understreke at nynorsk er endå under sterkare press enn bokmål. Skal norsk vere eit samfunnsberande språk, er det viktig at det finst fagspråk og terminologi for alle område. Universitets- og høgskulesektoren har eit ekstra ansvar for å utvikle dette, jf. universitets- og høgskulelova § 1-7 som pålegg alle universitet og høgskular eit ansvar for å vedlikehalde og utvikle norsk fagspråk og bidra til at det vert utvikla termar både på bokmål og nynorsk.

Det er gledeleg at utvalet mellom anna føreslår at Kunnskapsdepartementet forskriftsfestar krav om norsk samandrag i doktorgradsavhandlingar, og at utvalet slår fast at institusjonane må bidra til utvikling av fagterminologi. Likevel vil Noregs Mållag peike på den klåre tilrådinga frå Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling (DIKU) i rapporten «Språkstrategiar i høgare utdanning» (2021). DIKU meiner at det bør opprettast ei nasjonal insentivordning som sikrar at arbeidet med norsk fagspråk og terminologi og skriving av læremiddel, leksikonartiklar, tidsskriftartiklar o.l. blir premiert og prioritert. Utvalet vil ikkje gå like langt, men meiner at tilsette må få tid til å skrive leksikonartiklar og lærebøker. Noregs Mållag meiner at insentivordninga som DIKU tilrar er betre, og det er òg i tråd med innspelet frå Språkrådet til utvalet.

Sidan det i vitskapleg arbeid vert publisert mest på engelsk, er det i forskingsformidling og læremiddelutvikling terminologiutviklinga i størst grad skjer. I dag er det få insentiv for å drive slikt arbeid, og såleis vert terminologi- og fagspråksarbeid nedprioritert. Det skadar norsk språk som heilskap. Mangelen på nynorskspråklege læremiddel og fagterminologi i grunnutdanningane er med på å svekkje den nynorske ytringsfridomen i akademia særskilt.

Det bør presiserast at ansvaret for fagterminologi må innebere at ein lagar parallelle lister over ord og uttrykk på nynorsk og bokmål for alle fagområde. Det er også avgjerande å styrke norskopplæringa for ikkje-norskkunnige tilsette, og inkludere opplæring i nynorsk.

I utgreiinga seier utvalet at lærebokstøtta for å sikre norsk og samisk pensumlitteratur må førast vidare på eit tilstrekkeleg nivå. Det er viktig å understreke at ein av hovudintensjonane med ordninga opphavleg var å sikre nynorsk pensumlitteratur, slik at det vart eit meir brukt språk på fleire fagområde. Denne intensjonen må følgjast opp vidare med konkrete tiltak som fremjar nynorsk.

HØYRING - FORSKRIFT OM DELING AV ÅLESUND KOMMUNE

(16. SEPTEMBER 2022)

Vi viser til høyringsbrev frå 19. august 2022 om framlegg til *forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune*.

Noregs Mållag har ikkje synspunkt på eller merknader til det materielle innhaldet i forskrifa. Derimot har vi synspunkt på valet av språk i framlegget til forskrift. Vi meiner det i strid med føremålet med språklova og med dei språkpolitiske omsyna bak språklova § 13 tredje ledd dersom forskrifta ikkje blir gjeven på nynorsk, også når ein ikkje legg til grunn at regelen gjeld for ei slik forskrift.

Språklova § 13 tredje ledd slår fast at allment tilgjengelege dokument med som er retta mot éin kommune skal følgja eit eventuelt språkvedtak i denne kommunen. For Ålesund kommunes del er dette vedtaket nynorsk, sjå forskrift 20. desember 2019 om språkvedtak i kommunar og fylkeskommunar. Det talar òg for å velja nynorsk at forskrifta blir gjeven med delvis heimel i inndelingslova, som òg er på nynorsk.

Noregs Mållag ventar difor at forskrifta om deling av Ålesund kommune blir gjeven på nynorsk.

HØYRINGSSVAR - FRAMLEGG TIL FORSKRIFT TIL SPRÅKLOVA

(1. OKTOBER 2022)

Vi viser til framlegget til forskrift til språklova som Kultur- og likestillingsdepartementet sende ut på høyring 9. juni 2022. Noregs Mållag vil med dette koma med sine innspel til framlegget.

OVERORDNA MERKNADER

Framlegget til forskrift til språklova utfyller berre dei delane av språklova som gjeld bruk av nynorsk og bokmål hos statsorgan, altså dei delane av språklova som har avløyst den tidlegare mållova. Eit føremål med mållova var å fremja jamstilling mellom nynorsk og bokmål i det offentlege. Dette føremålet er endå klarare uttrykt i den nye språklova. Ein naturleg konsekvens av det må då vera at departementet heile tida har føremålsparagrafen i språklova, § 1, i tankane når ein gjev utfyllande reglar til språklova §§ 12 til 18.

I § 1 første ledd står det at «[f]øremålet med lova er å styrke norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsmiljø og i alle delar av samfunnslivet i Noreg», og at «[l]ova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk». Etter andre ledd bokstav a er det eit føremål med lova at «offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrke bokmål og nynorsk». Desse formuleringane kan ikkje tolkast på annan måte enn at det nynorske skriftspråket er ein sjølvsagd del av norsk språk. Lovgjevaren har òg teke inn over seg at nynorsk er eit mindre nutta skriftspråk enn bokmål når ein i tredje ledd har utdjupa andre ledd bokstav a slik: «Ansvoaret etter andre ledd bokstav a omfattar eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukta norske skriftspråket.»

Når Noregs Mållag vurderer dei konkrete reglane i framlegget til forskrift til språklova, er prinsippa som følgjer av språklova § 1 om nynorsk det naturlege utgangspunktet.

NOREGS MÅLLAGS VIKTIGASTE SYNSPUNKT

Verkeområdet til §§ 12 til 18 bør ikkje snevrast inn for mykje.

Statstilknytte rettssubjekt som skal få unntak frå §§ 12 til 18 bør vurderast særskilt og listast opp i språklovforskrifta med namn.

§ 5 tredje ledd i målbruksforskrifta frå 1980 må ikkje opphevast.

Det bør koma ein tilleggsproposisjon med framlegg til endringar i språklova i tråd med synspunktet i regjeringspartia.

VERKEOMRÅDET TIL SPRÅKLOVA §§ 12 TIL 18 BØR IKKJE SNEVRAST INN FOR MYKJE

Det overordna synspunktet til Noregs Mållag i samband med denne høyringa er at verkeområdet til språklova §§ 12 til 18 ikkje bør snevrast inn for mykje gjennom forskrift. Jamvel om det finst heimel for dette i språklova § 3 femte ledd, bør verkeområdet for reglane i språklova §§ 12 til 18 berre snevrast inn etter at det er gjort konkrete vurderingar for kvart rettssubjekt som blir teke ut.

I Prop. 108 L (2019-2020) s. 98-99 finn ein departementets vurderingar i samband med lovheimelen for å fastsetja avgrensingar i verkeområdet for pliktreglane i språklova (§§ 12 til 18). På s. 98 står det at «[d]epartementet vil i arbeidet med forskrifter til språklova vurdere kva for relevante verksemder som bør ha unntak frå pliktreglane i språklova» [vår kursivering]. På s. 99 i proposisjonen seier departementet at det

«i samarbeid med eigardepartementa [vil] vurdere kva for konkrete statlege selskap som skal vere omfatta av pliktreglane i språklova, og kva for statlege selskap som eventuelt ikkje skal vere omfatta. I vurderinga skal føremålet med lova vektast mot selskapsspesifikke vurderingar og omsyn. Vurderingane vil bli gjorde i samband med arbeidet med forskrifter til lova. Eit alternativ til å vere omfatta av lova kan vere å regulere språkpolitiske omsyn i vedtekten til ei verksemd.» [vår kursivering]

Noregs Mållag tykkjer det er vanskeleg å sjå at det går fram av høyingsnotatet at framlegga til reglar for kva rettssubjekt (dvs. selskap, verksemder osb.) som ikkje skal vera omfatta av §§ 12 til 18, i særleg grad bygger på konkrete vurderingar av kvart enkelt rettssubjekt som vil vera omfatta.

OM «HEILT» ELLER «DELVIS» UNNTAK FRÅ SPRÅKLOVA §§ 12 TIL 18

Forskriftsheimelen i språklova § 3 femte ledd opnar for at departementet kan gje forskrift om «at §§ 12 til 18 *heilt eller delvis* heller ikkje skal gjelde for organ og sjølvstendige rettssubjekt som lova elles gjeld for» [vår kursivering].

I høyingsframlegget til forskrift til språklova er det berre gjort framlegg om at §§ 12 til 18 *heilt* ikkje skal gjelda for fleire kategoriar med rettssubjekt og statsorgan. Vi finn ikkje spor etter vurderingar om *delvis* unntak frå §§ 12 til 18 i høyingsnotatet. Her meiner vi det er uheldig at departementet føreslår meir inngripande unntak frå reglane i språklova enn det som kanskje kan forsvarast i visse tilfelle - også sett frå Noregs Mållags perspektiv. Vi skulle gjerne ha sett at departementet også hadde vurdert om det i somme tilfelle kunne vera ei løysing å gje eit delvis unntak frå §§ 12 til 18 som likevel sikrar at dei aktuelle rettssubjekta nyttar ein del nynorsk i tekstar som er retta mot allmenta og har ein større potensiell lesarkrins enn andre dokument som verksemndene produserer. Departementet ser ikkje ut til å ha vurdert å nytta den fleksibiliteten som ligg i forskriftsheimelen.

MERKNADER TIL DEI KONKRETE FØRESEGNENE

TIL § 1 BOKSTAV A

Departementet gjer framlegg om å gjera unntak frå språklova §§ 12 til 18 for alle rettssubjekt som er nemnde i offentlegforskrifta § 1 første og andre ledd. På s. 5 i høyingsnotatet viser departementet til at dei i høyingsnotatet om framlegg til språklova på s. 28 uttalte at offentlegforskrifta §§ 1 og 2

«kunne leggjast til grunn» ved fastsetjing av unntak frå språklova §§ 12 til 18.

I offentlegforskrifta § 1 første ledd er åtte konkrete rettssubjekt nemnde, m.a. Posten Noreg AS og Norsk Tipping AS. I høyringsnotatet er alle lista opp, og det er for det første vist til utsegna om offentlegforskrifta §§ 1 og 2 som grunnlag, og det er vist til at dei driv forretningsverksemd, jamvel om ikkje alle er omfatta at unntaket i språklova¹ § 3 første ledd andre punktum. Departementet meiner

«av same grunn» - som må tyda det at dei driv forretningsverksemd - at dei ikkje bør vera omfatta av språklova (må vel tyda språklova §§ 12 til 18).

Noregs Mållag kan ikkje sjå at det er gjort konkrete vurderingar av om kvart av dei rettssubjekta som er omfatta av offentlegforskrifta § 1 første ledd, også bør haldast utanfor verkeområdet til språklova §§ 12 til 18. Om slike vurderingar er gjorde, kjem dei iallfall ikkje fram av høyringsnotatet.

Noregs Mållag vil på prinsipielt grunnlag peika på at jamvel om kriteria for verkeområdet til språklova, § 3 første ledd, er laga etter mønster av offentleglova § 2 første ledd, er føremåla med dei to lovane ikkje dei same. Det er ikkje opplagt at vurderingar om rett til innsyn og vurderingar om bruk av nynorsk og bokmål skal vera dei same for ei lang rekke rettssubjekt. Vi etterlyser difor at det blir gjort sjølvstendige språkpolitiske vurderingar som er forankra i føremålsparagrafen i språklova, § 1, når ein fastset kva statstilknytte rettssubjekt utanfor forvaltninga som heilt eller delvis ikkje skal vera omfatta av språklova §§ 12 til 18. Språklovforskrifta bør innehalda ei konkret liste over desse rettssubjekta som har fått unntak, i staden for at forskrifta berre viser til offentlegforskrifta.

Til dømes er Posten Noreg AS og Norsk Tipping AS selskap som driv svært omfattande verksemd retta mot privatpersonar. Det er svært gode språkpolitiske grunnar til at desse bør ha og ta eit ansvar for å nytta nynorsk - ikkje minst i den privatkunderetta delen av verksemda.

Vi stiller oss undrande til at det skal gjerast eit generelt unntak for «sjølvstendige rettssubjekt som utelukkande har til oppgåve å vareta medlemmene sine interesser som arbeidsgivar eller liknande (interesseorganisasjonar)» (offentlegforskrifta § 1 andre ledd bokstav b). Her etterlyser vi konkrete vurderingar for dei rettssubjekta dette eventuelt gjeld.

TIL § 1 BOKSTAV B

Noregs Mållag meiner at regelen det er gjort framlegg om i § 1 bokstav b, ikkje bør takast inn i forskrifta.

Vi meiner det primære bruksområdet for vedtektsfesting av språkpolitiske omsyn må vera rettssubjekt som fell inn under konkurranseunntaket i språklova § 3 første ledd andre punktum. I dei tilfella talar sterke språkpolitiske omsyn - med støtte i føremålsparagrafen i språklova - for at staten bør nytta eigarmakta si til å påleggja slike rettssubjekt språklege plikter.

Dersom ein opnar for at sjølvstendige rettssubjekt som driv forretningsverksemd, kan koma utanfor verkeområdet til språklova §§ 12 til 18 ved at «språkpolitiske omsyn» blir regulerte i vedtekten, opnar ein i praksis for at ei i røynda uforpliktande minimumsregulering i vedtekten er tilstrekkeleg for å «sleppa unna» pliktreglane i §§ 12 til 18. Pliktene som følgjer av vedtektsfestning, kan bli både mindre omfattande og meir diffuse enn det som følgjer av språklova. Vi tolkar òg språklova §§ 19 og 20 slik at rettssubjekt med vedtektsfesta regulering av språkpolitiske omsyn, ikkje vil falla inn under desse paragrafane. Slik vil Språkrådets føresetnader for tilsyns-, oppfølgings- og rettleatingsarbeidet bli dårlegare.

Noregs Mållag meiner at eventuelle heile eller delvis unntak for rettssubjekt som driv forretningsverksemd, bør følgja av ei konkret vurdering og fastsetjast ved at rettssubjektet blir nemnt direkte ved namn i forskrifta.

TIL § 1 BOKSTAV C OG D

Noregs Mållag står innhaldet i framlegget til § 1 bokstav c og d, men vi har nokre merknader.

Vi legg til grunn at klart definerte eininger som er del av statlege organ eller sjølvstendige rettssubjekt, og som har eit klart språkpolitisk ansvar for å «bruke, utvikle og styrke samisk språk», eller som er stifta eller får tilskot for «å fremje nynorsk», òg er omfatta.

Vi vil nemnde to døme på verksemder:

Vi meiner t.d. at reindriftsforvaltninga i Landbruksdirektoratet bør ha eit særleg ansvar for samisk språk. Av den grunnen meiner vi det er greitt om Landbruksdirektoratet i den delen av verksemda som gjeld reindriftsforvaltning, har unntak frå språklova §§ 12 til 18 - altså eit delvis unntak. Men det kan ikkje vera aktuelt å gje heile Landbruksdirektoratet unntak frå §§ 12 til 18 på grunn av dette.

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplærings) er i den nyaste offentleggjorde årsrapporten frå 2020 «ei fullt integrert eining» ved Høgskulen i Volda. Likevel driv senteret verksemda utetter i eige namn og framstår ikkje som ein del av høgskulen utetter. Men strengt teke er senteret ikkje eit *statleg organ* på eiga hand.

Vi legg til grunn at Nynorsksenteret ikkje skal ha ei plikt til å nytta bokmål, ettersom det ville stri mot det språkpolitiske føremålet bak verksemda til senteret. Vi overlèt til departementet å vurdera om det er naudsynt med ei endring i ordlyden i § 1 bokstav d.

Vi har òg ein reint språkleg merknad til bokstav d: Verbet *motta* er ikkje del av nynorskrettskrivinga. Vi gjer framlegg om at «mottek» blir bytt ut med «får».

TIL § 1 BOKSTAV E

Noregs Mållag kan vanskeleg sjå at det er eit reelt behov for å fastsetja eit generelt unntak frå språklova §§ 12 til 18 for «rettssubjekt som ikkje yter tenester retta mot allmenta». Eit føremål med språklova er, som nemnt over, m.a. å fremja likestilling mellom nynorsk og bokmål, og i det ansvaret ligg eit særleg ansvar for å fremja nynorsk som det minst brukta av dei to norske skriftspråka. Poenget med reglane om veksling mellom nynorsk og bokmål er ikkje berre at allmenta skal sjå nynorsk i bruk og få dokument på nynorsk når dei skal ha det etter språklova; det er for nynorskens del å fremja sjølve språket. Då trengst det at nynorsk blir nytta på flest mogleg domene innanfor statleg forvaltning og statleg tilknytte rettssubjekt.

Det er uansett slik at statleg tilknytte rettssubjekt som ikkje i hovudsak driv verksemد retta mot allmenta, har nettsider og anna informasjonstilfang som tilsynelatande er retta mot allmenta. Allmenta har eit behov for informasjon om verksemda til slike rettssubjekt - og slik informasjon bør òg finnast på både nynorsk og bokmål i tråd med vanlege vekslingsreglar. Vi ser heller ikkje spor av at departementet har vurdert eit delvis unntak for denne typen rettssubjekt.

I høyningsnotatet er det på s. 6 nemnt nokre døme på rettssubjekt som vil falla innanfor kategorien, men det vil vera overlate til ei skjønnsvurdering kva verksemder som vil falla innanfor.

Noregs Mållag meiner at framlegget til § 1 bokstav e, og at eventuelle unntak for slike rettssubjekt berre før fastsetjast etter ei konkret vurdering av kvart enkelt rettssubjekt.

Noregs Mållag ser heller ikkje behov for eit generelt unntak for rettssubjekt som rettar seg mot «ein bestemt region eller landsdel». I slike tilfelle er det meir naturleg å ta reglane i språklova om korleis regionale statsorgan skal veksla mellom nynorsk og bokmål.

TIL § 1 BOKSTAV F

Noregs Mållag kan ikkje sjå behov for eit generelt unntak for sjølvstendige rettssubjekt som rettar seg mot allmenta utanfor Noreg eller på Svalbard.

For det første vil bruk av engelsk eller andre framandspråk heilt falla utanfor reglane om veksling mellom nynorsk og bokmål i §§ 12 til 18. Rettssubjekt som i hovudsak rettar seg mot ei allmente utanfor Noreg, bør like fullt nytta både nynorsk og bokmål når dei lagar norskspråklege dokument.

Den same innvendinga har vi mot at rettssubjekt som rettar seg mot allmenta på Svalbard, skal ha unntak frå §§ 12 til 18. Dette gjev eit uheldig signal om at nynorsk ikkje er eit skriftspråk *for og i heile Noreg*. Dokument på engelsk eller andre språk fell uansett utanfor verkeområdet §§ 12 til 18, og norskspråklege dokument bør som den klare hovudregelen vera i tråd med reglane i §§ 12 til 18 også på Svalbard.

TIL § 3

Noregs Mållag sluttar seg i all hovudsak til framlegget til § 3.

Vi har likevel ein merknad til ordlyden «fag[et] ... norsk». Det finst ikkje eit veldefinert norskfag i høgre utdanning. Det er til dømes vanleg med eit fag som heiter «norsk» på lærarutdanninger, medan det er tradisjon for at det akademiske faget som omfattar norsk språk og litteratur, blir kalla «nordisk språk og litteratur» eller liknande.

Vi meiner at eit unntak for retten til å få eksamensoppgåver på nynorsk og bokmål etter fritt val for studentane, bør snevrast inn til å gjelda eksamenar der det er eit mål med eksamenen nettopp å testa dugleiken i nynorsk eller bokmål. Det er, slik vi ser det, ikkje nokon god grunn til at ein eksamen i

«norsk» der studenten fritt kan velja å svara på anten bokmål eller nynorsk, ikkje skal vera omfatta av plikta til å gje studentar eksamensoppgåver på deira eige skriftspråk.

TIL § 4

Noregs Mållag sluttar seg i all hovudsak til framlegget til § 4.

Vi meiner likevel at det er unødig komplisert at det skal vera naudsynt for lærestaden å gjera unntak tre månader før eksamen dersom alle studentane har valt same språk. Regelen i § 4 inviterer til unødig ressursbruk, anten ved at alle lærestader må hugsa å gjera vedtak om ikkje å gje eksamensoppgåva på det norske skriftspråket ingen kandidatar har valt, eller ved at det må lagast svært mange eksamensoppgåver på eit skriftspråk ingen har kravd å få den konkrete eksamenen på.

TIL § 5

Noregs Mållag har ingen merknader til § 5, utover at vi legg til grunn at det er det departementet som til kvar tid forvaltar språklova, som er meint å vera klageinstans.

TIL § 7

Noregs Mållag har i utgangspunktet ingen merknader til at forskrifter gjevne med heimel i mållova, blir oppheva, men med unntak for § 5 tredje ledd tredje punktum og § 8 første og andre ledd.

Dersom forskrift 12. mai 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste blir oppheva i sin heilskap, forsvinn òg regelen i målbruksforskrifta § 5 tredje ledd tredje punktum:

«Sentrale statsorgan er språkleg nøytrale. Eit sentralt statsorgan som skriv til eit anna språkleg nøytralt organ, står fritt i val av målform. *I skriv til eit regionalt statsorgan skal tenestemålet til det regionale statsorganet nyttast.* I skriv til det lokale statsorgan skal tenestemålet til det lokale statsorganet nyttast.» [vår kursivering]

I språklova er det ingen regel som sikrar at sentrale statsorgan skal nyta tenestemålet til regionale statsorgan i korrespondanse med dei. Dette er praktisk viktig og gjeld t.d. i korrespondanse mellom departement (og andre sentrale statsorgan) med statsforvaltarembeta i Vestland og Møre og Romsdal. Det gjeld òg når sentrale einingar i statlege forvaltningsorgan skal korrespondera med regionale undereiningar.

Vi legg til grunn at dette er utilsikta frå departementets side, ettersom temaet ikkje er teke opp i høyringsnotatet.

Noregs Mållag bed Kultur- og likestillingsdepartementet om ikkje å oppheva målbruksforskrifta § 5 tredje ledd. (Av språklege og pedagogiske grunnar kan ikkje § 5 tredje ledd tredje punktum bli ståande aleine, utan kontekst.)

OM FORSKRIFT 20. DESEMBER 2019 NR. 2114 OM SPRÅKVEDTAK I KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR (SPRÅKVEDTAKSFORSKRIFTA) OG MÅLBRUFSFORSKRIFTA § 8 FØRSTE OG ANDRE LEDD

I høyringsnotatet legg departementet opp til at språkvedtak i kommunar og fylkeskommunar skal kunngjerast av Språkrådet på den mest føremålstenlege måten, ettersom dette ikkje treng regulering i forskrift. Vi merkar oss like fullt at departementet i høyringsframlegg ikkje har gjort framlegg om å oppheva språkbruksforskrifta no.

Noregs Mållag er ikkje direkte usamd med departementet i sak, men vi meiner at kunngjering av kommunale og fylkeskommunale språkvedtak i forskrifts form nettopp er ein svært føremålstenleg måte å gjera dette på. Denne kunngjeringsmåten sikrar at ei oppdatert liste ligg lett tilgjengeleg i Lovdata og andre rettsinformasjonssystem, med direkte lenkjer frå språklova. Vi fryktar at ei rein publisering av ei liste på nettstaden til Språkrådet vil bli langt mindre tilgjengeleg og meir usynleg. I særmerknaden til språklova § 11, Prop. 108 L (2019-2020) s. 154, skrev departementet:

«Språkrådet har ansvar for å gjere vedtaka kjende, slik det i dag går fram av forskrift om målbruk i offentleg teneste § 8 første og andre ledd. Ordninga med fastsetjing av eiga forskrift om språkvedtak i kommunar og fylkeskommunar blir også vidareført.»

Her har departementet tydelegvis gått bort frå noko det la til grunn i proposisjonen før språklova vart vedteken.

Vi bed departementet la vera å oppheva målbruksforskrifta § 8 første og andre ledd, slik at dagens ordning med ei språkvedtaksforskrift kan vidareførast.

Som eit subsidiært alternativ til rein offentleggjering av ei språkvedtaksliste på Språkrådets nettstad, ser vi føre oss rundskriv med oversikt over språkvedtak som blir tilgjengeleggjorde gjennom Lovdata og andre rettsinformasjonssystem på ein måte som liknar kunngjeringa av forskrifter i dag.

SPRÅKLOVA TRENG VEDLIKEHALD

Noregs Mållag meiner at særleg situasjonen med målbruksforskrifta § 5 tredje ledd tredje punktum illustrerer godt at det er eit behov for ein tilleggsproposisjon med framlegg til justeringar av språklova. Det er eit klart betre alternativ på sikt at ein tek inn denne regelen i sjølve lova enn at ein beheld delar av ein paragraf i ei elles oppheva forskrift til ei oppheva lov, jamvel om det er heimel til det.

Då familie- og kulturkomiteen i Stortinget handsama språklovproposisjonen våren 2021 og gav Innst. 253 L (2020-2021), var det fleire framlegg som vart støtta av Arbeidarpartiet og Senterpartiet som ikkje vart vedtekne, men som etter Noregs Mållags syn ville ha gjort språklova endå betre.

Vi vil her særleg visa til forslag nr. 6 og 7 i innstillinga. Forslag nr. 6 ville retta opp ein logisk brest i språklova § 3 andre ledd, som hadde understreka at det berre er reglane i språklova §§ 12 til 18 som ikkje gjeld i intern sakshandsaming hos statsorgan. Forslag nr. 7 ville i litt endra form ha vidareført kravet i mållova 4 om ei plikt for statstilsette til å skriva både nynorsk og bokmål i arbeidet.

I eit intervju med Språkrådets meldingsblad Språknytt kort tid etter at Anette Trettebergstuen var utnemnd til kultur- og likestillingsminister, går det fram at ho enno står ved desse framlegga i sak:

«- Det er ingen løyndom at Ap i opposisjon hadde ei rekkje forslag til styrkingar av språklova, for eksempel når det gjeld stillinga til nynorsken. Vi har ikkje gløymt desse forslaga, men vi skal følgje med og ha dialog med språkorganisasjonane om kva for endringar som kan trengast. Uansett er det Stortinget som vedtek eventuelle endringar.

Når vil de vurdere å endre lova?

- Det har vi ikkje sett nokon dato for.» (Språknytt 1/2022)

Noregs Mållag meiner at framlegget om å oppheva målbruksforskrifta § 5 tredje ledd tredje punktum illustrerer at no er eit rett tidspunkt for å setja i gang arbeidet med å endra språklova.

NOREGS MÅLLAG BED OGSÅ DEPARTEMENTET OM Å VURDERA DESSE ENDRINGANE I SPRÅKLOVA:

I § 11 første ledd første punktum bør inndeia med: «*Eit kommunestyre eller eit fylkesting* kan sjølv vedta å krevje ...» Vi legg til grunn at det er eit arbeidsuhell i departementet som ført til ordlyden

som endeleg vart vedteken. Vi viser her til Kjetil Aasens note nr. 55 til språklova i Norsk Lovkommentar, Gyldendal Rettsdata.

Det bør takast inn ein eksplisitt heimel i språklova § 11 til at Språkrådet kan fastsetja forskrift om kommunale og fylkeskommunale språkvedtak, i tråd med dagens praksis.

Det bør vurderast om det skal takast inn ein eller fleire lovheimlar for departementet til å gje forskrift til utfylling av språklova §§ 12 til 18. Situasjonen som har oppstått med målbruksforskrifta § 5 tredje ledd, viser at ein slik heimel kan vera praktisk å ha dersom det oppstår eit behov for presisera språkvekslingsreglane utan å gå vegen om lovendring.

Det bør takast inn i språklova ei eksplisitt formulering som gjer det klart at Språkrådets tilsynsoppgåver også gjeld saker om val av skriftspråk i samband med eksamen ved universitet, statlege høgskular og andre statlege skular, jf. forskriftsheimelen i § 3 femte ledd.

TILHØVET MELLOM SPRÅKLOVA MED FORSKRIFT OG UNIVERSITETS- OG HØGSKULELOVA § 1-7 ANDRE LEDD

Noregs Mållag er særskilt godt nøgd med at regjeringa har teke initiativ til den nye regelen i universitets- og høgskulelova § 1-7 andre ledd, som forpliktar alle universitet- og høgskular, også private, til å gje studentar skriftlege eksamensoppgåver på nynorsk eller bokmål etter deira ønske.

Vi ser like fullt at det på sikt er behov for å ta stilling til om ei slik plikt skal regulerast i språklova eller universitets- og høgskulelova. Vi ser også at det finst gode argument for begge standpunktene. Noregs Mållags standpunkt er likevel at dette på sikt bør regulerast i språklova med forskrift.

For det første spring forskriftsheimelen i språklova § 3 femte ledd og den eksisterande forskrift 7. juli 1987 om målform i eksamensoppgåver ut av dei språkpolitiske omsyna som ligg bak språklova og mållova. Den nyleg vedtekne universitets- og høgskulelova § 1-7 andre ledd må seiast å vera tufta på eksamensreglane med heimel i mållova.

Dersom reglane om val av nynorsk og bokmål i eksamensoppgåver i høgre utdanning og andre statlege skular framleis skal ha heimel i språklova, blir det også enklare å sikra at Språkrådets tilsyns- og rettleiingsoppgåver også skal gjelda overfor private lærestader. Dette vil innebera ei særskilt avgrensa overføring av regulering av Kunnskapsdepartementets arbeidsfelt til Kultur- og likestillingsdepartementet.

Eit siste argument for å regulera dette feltet i språklova med forskrift er at det er Kultur- og likestillingsdepartementet som sit på den beste fag- og forvaltningskompetansen på det språkpolitiske feltet - medrekna Språkrådet som tilsyns- og rettleiingsorgan.

HØYRINGSSVAR FRÅ NOREGS MÅLLAG: GRUNNLAG FOR NY UNIVERSITETS- OG HØYSKOLELOV

(14. OKTOBER 2022)

Noregs Mållag vil gjerne kome med innspel til grunnlag for ny universitets- og høgskolelov. Vi legg særleg vekt på situasjonen for norsk språk i akademia. Innspela gjeld difor særleg § 1-7 om norsk fagspråk.

Vi minner om prinsippet og ansvaret det offentlege har for nynorsk som mindretalsspråk etter § 1 tredje ledd i språklova. Det er ein dramatisk nedgang i bruken av norsk i akademia, og noko må gjerast. For Noregs Mållag er det viktig å understreke at nynorsk er under endå sterkare press enn bokmål. Skal norsk vere eit samfunnsberande språk, er det viktig at det finst fagspråk og terminologi for alle område.

Noregs Mållag er svært glad for at departementet ser at det er eit behov for å styrkje arbeidet med norsk språk i sektoren. Likevel skulle vi gjerne sett at det hadde blitt drøfta i større grad korleis utfordringane for norsk fagspråk i akademia skal bli løyste. Det må vere nemnt at norsk fagspråk er både nynorsk og bokmål. Tiltaka for å styrkje norsk fagspråk inneber tiltak både for nynorsk fagspråk og fagspråk på bokmål. Språka står i to ulike situasjonar, og difor treng dei også ulike tiltak og ulike drøftingar.

Mållaget meiner at framlegget til forskriftsheimel vil gjere godt. Men høringsnotatet legg lite grunnlag til kva ei sånn forskrift skulle innehalde. Vi vil derfor nytte høvet til å også kome med fleire innspel til kva ei slik forskrift bør innehalde.

I *NOU 2022: 2 Akademisk ytringsfrihet* blir delar av utfordringane for språk i høgare utdanning problematiserte, og enkelte tiltak blir presenterte. Utvalet føreslår at Kunnskapsdepartementet forskriftsfestar krav om norsk samandrag i doktorgradsavhandlingar, og at utvalet slår fast at institusjonane må bidra til utvikling av fagterminologi. Likevel vil Noregs Mållag peike på den klåre tilrådinga frå Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling (DIKU) i rapporten «Språkstrategiar i høgare utdanning» (2021). DIKU meiner at det bør opprettast ei nasjonal insentivordning som sikrar at arbeidet med norsk fagspråk og terminologi og skriving av læremiddel, leksikonartiklar, tidsskriftartiklar o.l. blir premiert og prioritert. Noregs Mållag meiner at insentivordninga som DIKU tilrår, er betre.

Vidare meiner Noregs Mållag at ei forskrift bør innehalde:

- ein premiss om at norsk skal vere hovudspråket for undervisning, forsking, administrasjon og styringsorgan ved norske universitet og høgskular.
- eit krav om at institusjonane lagar språkstrategiar for å fremje norsk og særleg nynorsk på sine institusjonar, både som fagspråk og som administrasjonsspråk.
- ei tydleggjering av at universitets- og høgskulesektoren må verte målt på språkpraksis, og det må vere eit tema i styringsdialogen med departementet. NOKUT eller Språkrådet får tilsynsplikt for språkarbeidet ved institusjonane.
- krav til at utanlandske forskrarar som vert tilsette, skal lære seg norsk innan ei viss tid, slik at dei kan undervise og formidle på norsk. At dei tilsette i universitets- og høgeskulenoreg som skal produsere forsking, formidle ho og undervise studentar, ikkje kan norsk, er ei kjempestor utfordring

for norsk språk. Det skapar ein arbeidskvardag som går på engelsk og sender utfordringa vidare til neste generasjon.

- at institusjonane skal utvikle lærebøker og pensum på norsk og spesielt nynorsk. Her er det særleg viktig at dei store fagområda blir prioriterte.
- at retten til eksamen på skriftspråket, bokmål eller nynorsk, studenten har valt, også omfattar obligatoriske arbeidskrav i faget.
- det bør presiserast at ansvaret for fagterminologi må innebere at ein lagar parallelle lister over ord og uttrykk på nynorsk og bokmål for alle fagområde.

Noregs Mållag stiller seg også bak innspelet frå Nynorsk Kultursentrum til endringar i paragrafen.

«§ 1-7 første ledd skal lyde: (1) Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av bokmål og nynorsk som fagspråk. Institusjoner som har et særlig ansvar for samisk forskning og høyere utdanning, har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av samisk fagspråk. Departementet kan gi forskrift om institusjonenes ansvar etter første og andre punktum.»

HØYRINGSSVAR - FRAMLEGG TIL LOV FOR OMSETNING AV BØKER (BOKLOVA)

(16. NOVEMBER 2022)

Me viser til framlegg til lov for omsetning av bøker (bokloven) som Kultur- og likestillingsdepartementet sende ut på høyring 18. august 2022. Noregs Mållag er glade for å få levere høyringssvar og vil med dette kome med våre innspel til framlegget.

GENERELLE KOMMENTARAR:

Me vil fyrst understreke at nynorsk litteratur står i all hovudsak sterkt i Noreg i dag. Kvalitetsmessig er han på høgde med det beste som blir gjeve ut på bokmål, og forfattarnamn som er store internasjonalt gjev ut litteratur som opphaveleg er skriven i nynorsk språkdrakt. Også innanfor barne- og ungdomslitteraturen og sakprosaen blir det gjeve ut bøker med høg kvalitet på nynorsk.

Diverre når ikkje nynorsk litteratur like godt ut til lesarane som litteratur på bokmål. Utanom biblioteka, er tilgangen på desse bøkene i beste fall varierande. Særleg barne- og ungdomslitteratur på nynorsk kan vere vanskeleg å finne i bokhandelen, sjølv i det nynorske kjerneområdet, der nynorsk er opplæringsspråk i skulen.

Det er også vanskelege tilhøve for faglitteratur på norsk, både på bokmål og nynorsk. Dette må boklova vere eit verkemiddel for å endre på.

Merknader til dei konkrete føresegnene:

§ 1

Noregs Mållag meiner boklova må vere eit middel for få meir nynorsk litteratur ut til folk. Det må bety ei styrking av skjønnlitteratur for vaksne, barne- og ungdomslitteratur, sakprosa på nynorsk og faglitteratur på norsk. Derfor er me glade for at boklova har ein språk- og litteraturpolitisk føremålsparagraf.

Me meiner at tilhøvet mellom bokmål og nynorsk ikkje er formulert presist nok i framlegget til boklova. I utkastet står det skrive at lova skal «styrke skriftkulturen på bokmål, nynorsk og de samiske språkene.» Noregs Mållag meiner det er naturleg at boklova, til liks med lov om språk (språklova), anerkjenner at styrkeforholdet mellom nynorsk og bokmål er skeivt. Me viser då til språklova § 1, siste ledd, der det er slått fast at det offentlege har «[...] eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukta norske skriftspråket.»

Det er også meiningsa til Noregs Mållag at minoritetsspråk må få ein plass i føremålsparagrafen, då ingen av desse er nemnde i framlegget. Sjølv om det knapt eksisterer ein litteratur på kvensk, romani og romanes i dag, ser ikkje Noregs Mållag nokon grunn til at lova ikkje skal femne desse språka, for å understreke at ei styrking av denne litteraturen er ønskeleg.

Noregs Mållag meiner det er viktig at boklova speglar dei språkpolitiske høva i Noreg korrekt. Litteratur er språkpolitikk, då litteratur er blant dei fremste teikna på at eit språk lever og vil overleve tida. Derfor er boklova også eit språkpolitisk tiltak. Noregs Mållag meiner det må bli lagt til ein ordlyd i føremålsparagrafen som tydelegare får fram at det offentlege har eit særskilt ansvar for å styrkje nynorsken, samiske språk og minoritetsspråk.

Noregs Mållag føreslår derfor følgjande ordlyd i føremålsparagrafen:

Lovens formål er å legge til rette for bredde, mangfold og kvalitet i norsk litteratur og å sikre god tilgjengelighet til litteraturen for alle i Norge.

Loven følger opp formålet i lov om språk, og skal sikre bokmål, nynorsk og de samiske språkene og skriftkulturene i Norge. Det språkpolitiske ansvaret omfatter et særlig ansvar for å fremme og styrke skriftkulturen på nynorsk, de samiske språkene og de nasjonale minoritetsspråkene.

Loven skal også ivareta forfatter- og leserinteresser og legge til rette for et mangfold av aktører og bidra til å fremme kultur- og kunnskapsformidling.

Me vil her også presisere at tilhøva for nynorsk og samisk er ulike, og såleis krev ulike tiltak. Å styrkje norsk som språk som heilskap, krev målretta tiltak for nynorsk. Og å styrkje norsk er noko anna enn å styrkje samisk. Når lova skal bli til praktisk politikk, og til forskrift, må desse realitetane bli tekne omsyn til.

§ 3

Noregs Mållag står framlegget som står i klammer under § 3, altså at lova også skal gjelde for fagbøker for profesjonsmarknaden og lærebøker for høgare utdanning.

I høgare utdanning er det enkeltpersonar som er sluttkundar, ikkje kommunar eller fylkeskommunar. Noregs Mållag meiner den beste måten å sikre eit føreseieleg inntektsgrunnlag for dei forfattarane som vel å skrive faglitteratur på norsk, er ved å la lova, og dermed fastprisordninga, også gjelde her.

Me trur dette er eit tiltak som vil styrkje norsk som fagspråk, og slik også vere det beste tiltaket for faglitteratur på nynorsk.

Resten:

Noregs Mållag har inga mening om resten av lovframlegget.

HØYRINGSSVAR ENDRINGSDIREKTIVET TIL AMT-DIREKTIVET

(15. DESEMBER 2022)

Noregs Mållag takkar for høvet til å delta i høyring om gjennomføring av endringsdirektivet til AMT-direktivet.

Noregs Mållag har nokre overordna tilbakemeldingar til det som er framlagt frå departementet.

AMT-direktivet er, som Kulturdepartementet skriv i høyingsnotatet i kapittel 2.1, eit minimumsdirektiv, noko som gir medlemslanda høve til å utforme reglar overfor tilbydarane av audiovisuelle medietenester som er strengare og meir detaljerte enn grunnreglane i direktivet.

Det gir Kulturdepartementet høve til å stille strengare krav til aktørane når det gjeld tilrettelegginga av teksting og lydtekst for den norske marknaden, enn det som opphavelig ligg inne i minimumsdirektivet.

Noregs Mållag saknar eit sterkare språkpolitisk fokus på dette feltet, og me ønskjer betre språkpolitisk styring. Intensjonen med AMT-direktivet er, ifølgje høyingsnotatet, mellom anna å fremje kulturelt mangfald. Språk er i høgste grad kultur, men verken norsk språk generelt eller nynorsk spesielt er nemnt i høyingsnotatet.

Noregs Mållag meiner norske styresmakter skal krevje at aktørane i strøymarknaden tilbyr teksting og lydtekst på både nynorsk og bokmål. Både i produksjonar som er norskspråklege, og i produksjonar som ikkje er norskspråklege. Målet med teksting og lydtekst er å legge til rette for menneske med ulike funksjonsnedsettingar som hindrar dei i å høre eller lese tekst. Det er også eit verktøy for dei som treng omsetjing frå eit anna språk til norsk. Å tilby teksting på begge dei norske språka er universell utforming som tar omsyn til både dei som har nynorsk og dei som har bokmål som førstespråket sitt.

Noregs Mållag har inga mening om finansieringsmodellane som blir skisserte i kapittel 12.6. Vi meiner likevel det er rimeleg å stille krav om ein viss andel norske produksjonar frå tilbydarane av audiovisuelle medietenester. Om ein stiller krav til norske produksjonar, er det også rimeleg å stille krav til at undertekstinga skal vere tilgjengeleg på begge dei jamstilte norske skriftspråka.

Det er for lite nynorsk i norsk media, og nynorsk er så og seie fråverande hos dei internasjonale aktørane som strøymer til den norske marknaden. Noregs Mållag minner om føremålsparagrafen i lov om språk (språklova) som gjeld frå 1. januar i år: «Føremålet med lova er å styrke norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg», og særleg tillegget om «å fremje nynorsk som det minst brukta norske skriftspråket». Gjennom å styrke posisjonen til nynorsk i AMT-direktivet, vil Kulturdepartementet bidra til å oppfylle føremålet i lova departementet sjølv har utarbeidd.

NOU 2022:9: EN ÅPEN OG OPPLYST OFFENTLIG SAMTALE - HØYRINGSSVAR FRÅ NOREGS MÅLLAG

(16. JANUAR 2023)

Noregs Mållag takkar for høve til å kome med høyringssvar til NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale som Ytringsfrihetskommisjonen overleverte kultur- og likestillingsministeren 15. august.

Oppdraget til kommisjonen var å utgreie dei “sosiale, teknologiske, juridiske og økonomiske rammene for ytringsfrihet i dagens samfunn.” Slik me forstår NOU-en, er han på den eine sida ei utgreiing om kåra for ytringsfriheten i Noreg i dag. Samstundes tener NOU-en som eit grunnlag for å gjennomføre politikk som skal styrke kåra for ytringsfriheten i Noreg. I januar 2022 tredde Lov om språk (språklova) i kraft. Det er oppfatninga til Noregs Mållag at språklova tener som ein viktig kontekst for ein rapport om ytringsfridom, og at ho må få konsekvensar for vurderingane som blir gjorde og dei tiltaka som blir føreslegne.

MANGLANDE SPRÅKPERSPEKTIV

Me registererer at målstriden blir nemnt i eitt avsnitt i kapittel 6.7.2:

“Kampen mot nynorsk har pågått blant annet via bokbål gjennom hele 1900-tallet og inn i vår samtid.” At kampen mot nynorsk har halde fram “inn i vår samtid” er ei riktig skildring. Likevel er ikkje dette tematisert vidare i utgreiinga frå kommisjonen. Det er ikkje skrive noko om forholda for nynorsken i dag, og det er følgjeleg heller ikkje lagt fram tiltak for å styrke nynorsk som eit ytringsspråk. Det er derfor oppfatninga til Noregs Mållag at den språkpolitiske røynda Noreg i dag - og dei språklege perspektiva ved ytringsfriheten - ikkje er godt nok tematiserte i NOU 2022:9.

Moglegheitene til å ytre seg er vanskelegare for brukarar av nynorsk enn for bokmåksbrukarar. Men det er også vanskelegare forhold for brukarar av samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk.

Som eitt av fleire døme på dette, viser NOU 2022:2 Akademisk ytringsfrihet og Prop. 108 L (2019-2020) (proposisjonen til lov om språk) at høvet til å uttrykke seg på nynorsk blir vanskelegare jo høgare opp i utdanningssystemet ein kjem. Mest vanskeleg er det ved skriving av mastergradar, ph.d og vitskaplege artiklar. Ei ny undersøking frå NIFU (Nordisk Institutt for studiar av innovasjon, forsking og utdanning), som er attgjeven i ein artikkel av Vera Schwach, Henrik Karlstrøm og Silje Marie Svartefoss i Stat og styring 4/22, viser at 97 % av alle statlege vitskaplege publiseringar frå statlege forvaltingsorgan utanfor universitet og høgskular, er skrivne på engelsk. Resultatet er ei svekking av norsk som fagspråk og ein “tankegang som er prega av engelsk-amerikansk kultur”, blir det slege fast. Eit samfunnsberande språk må ha vokabular for alle vitskapar og yrkesområde. Det gjeld også nynorsk.

Som det er skrive i lov om språk § 1: Føremål: offentlege organ har “eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruка norske skriftspråket.” Når det uttalte målet i språklova er språkleg jamstilling og at både bokmål og nynorsk skal vere samfunnsberande språk, skulle Noregs Mållag ønskt at Ytringsfrihetskommisjonen valde å nytte mandatet i språklova til å kome med tiltak for å oppnå meir reell jamstilling mellom språka.

For å styrke norsk språk er det oppfatninga til Noregs Mållag at ein må styrke heile det norske språket, på alle område. Dei ulike mindretalsspråka har ulike rammer og ulik vekt i språklova og anna regelverk. Ansvaret for samiske språk må følgje urfolkskonvensjonen og samelova, og ansvaret for kvensk, romani og romanes etter minoritetsspråkpakta. Norsk teiknspråk er gjeve særleg status

etter språklova, og med liknande formuleringar som dei nasjonale minoritetsspråka. Nynorsk skil seg klart ut av mindretalspråka som eit jamstilt nasjonalSpråk, og treng difor eigne perspektiv, eigen politikk og særskilde tiltak.

Noregs Mållag meiner at det er ei statleg oppgåve å syte for at det skal gå føre seg open og opplyst offentleg samtale fritt, på same vilkår og utan særlege vanskar, på både bokmål og nynorsk. Derfor stiller me oss bak ordlyden i framlegga i høyringssvaret til Nynorsk Kultursentrum:

- ei eventuell stortingsmelding og nye tiltak må inkludere ei språkpolitisk utgreiing om ulik tilgang til ytringsfridom på dei ulike norske språka
- historiseringa av motstanden mot nynorsk (kapittel 6.7.2) bør supplerast med ein analyse av kva hinder nynorskbrukarar møter i dag. Me vil leggje til at det som del av analysen bør kome forslag til tiltak, gjerne i samråd med nynorskorganisasjonane.
- tiltaka for å styre samisk i 12.6.10 er positive, men at analysen treng oppdatering i tråd med språklova og tiltak for alle språka Noreg har ansvar for, og særleg dei som etter språklova har ulike former for mindretalsvern (nynorsk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk).

Me registrerer også at det på side 259 står skrive "Det er to offisielle målformer av norsk språk - bokmål og nynorsk - som det er utbredt kjennskap til". Etter lov om språk tredde i kraft i 2022, heiter det ikkje lenger målform, men skriftspråk. Noregs Mållag ventar at arbeidsuhellet blir retta opp, og at korrekt definisjon og fagterminologi blir nytta.

Me vil også leggje fram ei skildring av situasjonen for nynorsk og ytringsfridom i dag.

SÆRLEGE HØVE FOR YTRINGSFRIDOM PÅ NYNORSK

Det er ei utfordring at det er mindre nynorskttekst i samfunnet enn det prosentvis finst nynorskbrukarar i grunnskulen. Sjølv om det er krav om 25 % nynorsk i NRK, klarar dei ikkje å leve opp til krava utan å telje med munnlege innslag på radio, internett og TV. Det finst ikkje tilsvarande nynorskkrav for TV2, endå dei har status som allmennkringkastar og tek imot hundrevis av millionar skattekroner i året.

Store aviser har i lang tid praktisert forbod mot nynorsk i spaltene sine. Sjølv om stadig fleire avisredaksjonar har opna for nynorsk dei siste åra, er det likevel nokre som held fram med nynorskforbod på redaksjonell plass. Dette er eit openbort problem for ytringsfridomen. Dette er i praksis å forstå som yrkesforbod og sensur for nynorskbrukande journalistar - og det i ein bransje som har ytringsfridom som eksistensgrunnlag.

Sjølv om språklova har tredd i kraft, viste ein rapport frå Språkrådet om språkbruk i staten at språklova ikkje blir følgt, men tvert om broten over heile lina. Nynorsk er jamt over underrepresentert i den digitale verda og i skulen. Det finst fleire døme på digitale tenester som ikkje finst på nynorsk. Mange av dei som finst på nynorsk, har manglar og er ikkje fullgode versjonar slik som bokmålsversjonane. Som døme kan me peike på tenester frå Meta (Facebook) og Google. Her vil me særleg rette merksemda mot digitale læremiddel og digitale lærebøker. Undersøkingar frå LNK - landssamanslutningar av nynorskommunar, viser at fleire av desse tilboda ikkje er fullgode utgåver på nynorsk, då dei har manglar for både elevar og lærarar. Me veit også at det er fleire kontorstøtteprogram som manglar rettskriving for nynorsk.

Det er også eit problem at lærebøker stadig kjem seinare på nynorsk enn på bokmål. Nynorskbrukarar i skulen har altså ikkje same vilkår for undervisinga som bokmålsbrukarane, og dermed heller ikkje same vilkåra for å utvikle språket sitt. Samla sett er røynda at nynorskbrukarar i

for liten grad møter nynorsk i kvardagen. Det får konsekvensar for den språklege tryggleiken og medvitet til nynorskbrukarar. Dette påverkar sjølvsagt mogleheitene for å ytre seg offentleg på nynorsk seinare. At elevar med nynorsk som hovudmål får fullgod opplæring og tilgang på både trykte og digitale læremiddel på eige språk, er ein føresetnad for nynorsk som samfunnsberande språk, og dermed òg for det nynorske ytringsrommet.

Ytringsfridomskommisjonen tilrår i utgreiinga at Noreg støttar arbeidet med EU sin “Digital Services Act” (DSA). Noregs Mållag har vore i kontakt med Kommunaldepartementet og fått offisielt svar på at språkmangfald ikkje er blant rettane som vil bli gjeve brukarane av digitale tenester i dette direktivet. Dette svaret kan bli oversendt ved førespurnad. Noregs Mållag meiner at produsentar og leverandørar av digitale tenester som opererer i Noreg, må lovpåleggjast å levere fullgode tenester på begge dei to offisielle norske skriftspråka - bokmål og nynorsk.

Utan statleg kontroll og krav til produsentane, får tek-gigantane fritt innskrenke ytringsfridomen til brukarar av mindretalsspråk.

Noregs Mållag meiner at:

- Det må bli greidd ut kva som hindrar nynorskbrukarar i å bruke språket sitt i ulike samanhengar, sjølv om dei formelt har høve til å nytte det i mange samanhengar. Dette må inkludere drøfting av språkbruk i arbeidslivet (i og utanfor offentleg sektor), i det offentlege rommet (media, litteratur, sosiale medium m.v) og under utdanning og forsking.
- Styresmaktene må stille krav til produsentane av kontorstøtteprogram, læringsverktøy og digitale tenester. Dette må gjerast gjennom loverket, til dømes opplæringslova. Slik vil ein ikkje berre gje nynorskelevane ei betre opplæring, men ein vil òg minske problemet med manglande språkteknologi på mindretalsspråk. Såleis kan opplæringspolitikken bidra til å utvide det nynorske ytringsrommet monaleg.
- Det offentlege må legge til rette for meir nynorsk i populærkulturelle arenaer og legge til rette for eigne nynorske organ/ fagmiljø som utviklar og utvidar ytringsrommet for barn og ungdom.
- Det nynorske ytringsrommet er avhengig av at det vert produsert og utvikla ny journalistikk, scenetekst og litteratur på nynorsk av mangfoldige røyster. Politikken for desse områda må ta innover seg at ytringsrommet er ulikt for dei to norske skriftspråka, og at det trengst andre og særlege tiltak for å sikre og styrkje nynorsk på desse viktige områda i ytrioskulturen vår.

I tillegg stiller Noregs Mållag seg bak ordlyden i framlegga frå Nynorsk Kultursentrum. Me meiner dermed at:

KAPITTEL 6: BREI TILKNYTING OG DELTAKING I OFFENTLEGHEITA

- Staten må følgje minimumskrava til språkveksling og paralleltekstar av bokmål og nynorsk i språklova, jf. §§ 13 og 14.
- alle departement og underliggjande etatar må vedta tiltak for å følgje opp intensjonen i § 1 i språklova om særlege tiltak for å fremme nynorsk, og at dette vil styrkje ytringsrommet for nynorskbrukarane.
- kultur- og likestillingsdepartementet må legge fram framlegg til sanksjonar for brot på språklova i §§ 13-16, for å sørge for ei grunnleggjande språkleg ytringsramme for nynorskbrukarane

- særlege tiltak for å sikre auka tilgang på nynorsk litteratur i høgare utdanning, media, sakprosa og litteratur for barn og ungdom

KAPITTEL 7: INTERNETT SOM INFRASTRUKTUR FOR YTRINGSFRIDOMEN

- Staten må gjere ressursar og teknologi tilgjengelege for at nynorsk- og dialektbrukarar skal ha lik tilgang til digitale tenester, både skriftleg og munnleg, som andre
- Staten må setje krav til nynorskinfrastruktur i statleg (med)finansierte digitale tenester

KAPITTEL 12: FRIE MEDIUM OG FRIE YTRINGAR

- Kultur- og likestillingsdepartementet må vurdere høve til å knytte krav til nynorskbruk til pressestøtte og anna statleg støtte til ytringar.

HØYRINGSSVAR - FORSKRIFT OM OPPTAK TIL HØGARE UTDANNING

(27. JANUAR 2023)

Noregs Mållag har gått gjennom høyringsnotatet om forskriftsendringar og har ingen innvendingar mot at ein frå hausten av kan kombinera resultat frå den tidlegare Bergenstesten med den eksisterande norskprøven på B2-nivå.

Vi minner likevel om at det er avgjerande for eit likeverdig tilbod til alle, uavhengig av språkval og heimkommune, at prøven kan takast på både nynorsk og bokmål. Det er om lag 45 kommunar der nynorsk er språket i vaksenopplæringa, og for deira elevar vil nynorsk sjølv sagt vera prøvevalet. Det tilbodet må såleis haldast ved lag.

Viktige føresetnader for at det skal vera rimeleg rettvise vilkår for dei som vil ta prøven på nynorsk, er at øvingsstoffet som ligg ute på nettsida, er like omfattande på nynorsk som på bokmål (og at det blir oppdatert like for like). Sameleis at det blir produsert fleire læremiddel på nynorsk. Sjølv om stoda er betra mykje dei siste ti åra, er det framleis svært langt att til nynorskelevane har det same tilbodet som bokmålselevane.

(10. MARS 2023)

Noregs Mållag vil gjerne kome med innspel til NOU 2022: 17 Veier inn - ny modell for opptak til universiteter og høyskoler. Først vil vi minne om prinsippet og ansvaret det offentlege har for nynorsk som mindretalsspråk etter § 1 tredje ledd i språklova. Utvalet har gjort fleire vurderingar for samiske språk og reglane for korleis ein får plass ved eit universitet eller ein høgskule spelar ei rolle for språka. Det er viktig, og det er også godt at utvalet vil halde på kvote for samiskspråklege. Noregs Mållag skulle gjerne sett at når utvalet har gjort plass til resonnement rundt samisk språk også ville gjere plass nokre resonnement rundt nynorsk. Opptaket til høgare utdanning vil for veldig mange elevar, og lærarar, styre kva dei prioriterer og ser som viktig i grunnskule og vidaregåande utdanning. Difor spelar også opptakskrava inn på statusen og situasjonen til og for nynorsk. Noregs Mållag meiner at elevar som går ut av vidaregåande skule med nynorsk som hovudmål skal få ekstra konkurransepoeng. Poenget skal vise fram at den kompetansen ein får med nynorsk som hovudmål skil seg frå kompetansen elevar med bokmål som hovudmål har. Ein meistrar begge språka, og vi har behov for fleire som kan nynorsk betre. Utvalet kjem også med eit framlegg om å rekne ut ein middelverdi for standpunkt og eksamen, og bruker spesielt norskfaget som eksempel der eksamenskarakterane kan gjere større utslag på karaktergjennomsnittet. Mållaget er ikkje direkte mot ein middelverdi, men vil peike på at dette ikkje må vere ein inngang for å fjerne karakterar i norskfaget. Dei ulike karakterane i sidemål, hovudmål og munnleg må vekte likt. Til slutt vil Noregs Mållag peike på at ein eventuell kvalifiserande prøve i høgare utdanning må kome på både nynorsk og bokmål.

(19. APRIL 2023)

Noregs Mållag ynskjer å gje eit høyringssvar til Nou 2022: 18 Mellom mobilitet og migrasjon. Det er viktig å lese Nou-en med utgangspunkt i fyrste setning i Språklova «Føremålet med lova er å styrke norsk språk, slik at det vert sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg.»

For at norsk skal vere det samfunnsberande språket på alle samfunnsområde, må også arbeidsinnvandrar til Noreg ha rett på norskopplæring.

Noregs Mållag er samde med fleirtalet i utvalet om at det må verte innført ein lovfestatrett til norskopplæring. Prisen på opplæringa må ikkje vere eit hinder for deltaking. Mållaget ynskjer å kome med innspel til innhaldet i ei slik reform.

I Nou-en drøftar utvalet på fleire punkt status for norsk språk og kor sentralt språklæring er for integrering og busetting. Likevel vert det ikkje tematisert at norsk språk er både nynorsk og bokmål, og at tilhøva for desse er svært ulike. Dette bør rettast opp i det vidare arbeidet med Nou-en.

I nynorskkommunar er det nynorsk som er språket barna lærer på skulen, kommunen brukar i kommunikasjonen, teksten i lokalavisa står på, informasjonen på arbeidsplassen kjem på og som det vert forventa at arbeidstakarar kan skrive. I desse kommunane er det også nynorsk som bør vere opplæringsspråket til arbeidsinnvandrarane.

Vi veit at det å drive vaksenopplæring på nynorsk byr på fleire utfordringar enn på bokmål, fordi det er mindre utval av læremiddel og ressursar for vaksne innvandrarar på nynorsk. Likevel har i overkant av 50 kommunar i dag norskopplæringa for vaksne innvandrarar på nynorsk.

Det vil difor vere eit svært viktig integreringspolitisk verkemiddel å stille krav om at læremiddel for vaksne innvandrarar må vere klar til same tid og til same pris på bokmål og nynorsk. Offentlege aktørar (til dømes universitet) som utviklar norskspråklege læremiddel for opplæring i norsk som andrespråk, må gjere dei tilgjengelege på både nynorsk og bokmål.

Som eit strakstiltak bør staten setje av ekstra midlar til utvikling av læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrarar. Statsforvaltarane og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse må vere til hjelp og lette overgangen for dei nynorskkommunane som i dag har bokmål, slik at dei får gå over til nynorsk. Dette kan vere effektive tiltak som raskt skapar endring og legg til rette for betre integrering i nynorskkommunar.

26. APRIL 2023

Vi viser til høyringsnotatet frå Språkrådet med framlegg til rettskrivingsendringar for bokmål og nynorsk, med svarfrist 24. april 2023. Noregs Mållag vel i denne omgangen ikkje å kommentera anna enn framlegget om å ta inn sjåast som presensform (ved sida av sest) av verbet å sjåast. Kommentaren vår til dette endringsframlegget kjem likevel inn på prinsipielle sider ved normeringa av nynorsk. På side 3 i høyringsnotatet viser Språkrådet sjølv til dei «overordna føringane» for normering av nynorsk og bokmål, slik dei er formulerte i Prop. 108 L (2019-2020) punkt 4.2.1, dvs. i meldingsdelen av språklovpropositionen. Som det går fram av sitatet, er sjølvstende og stabilitet dei to hovudprinsippa, og det skal vera ein viss terskel for å justera rettskrivinga, nemleg at faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det. I Språkrådets retningslinjer for normering er det i punkt 7.2 (og 6.2) stadfesta at Språkrådet sjølv òg ser på sjølvstendeprinsippet og stabilitetsprinsippet som dei overordna prinsippa, altså dei som veg tyngst. Om ein ser ei innføring av presensforma sjåast i lys av desse to hovudprinsippa, er det opplagt at stabilitetsprinsippet talar mot å gjera ei slik endring. Det kan vera ulike syn på korleis ei slik endring er å sjå i lys av sjølvstendeprinsippet. Noregs Mållag vil her visa til at innføring av ei presensform av sjølvstendige st-verb som er identisk med infinitivsforma, klart kan sjåast [sic!] som ei bokmålstilnærming, jf. å se(e)s - (vi) se(e)s, å finnes - (det) finnes. Ein kan innvenda mot dette at presensforma (vi) sjåast i form er ulik bokmål, men ein slik synsmåte vil byggja på ei overflatisk forståing av eit sjølvstendeprinsipp. I grunngjevinga på side 8 i høyringsnotatet viser Språkrådet til at nye former kan takast inn i rettskrivinga på grunnlag av bruksprinsippet dersom dei er «mykje brukte i skrift og vil gjera norma lettare å bruka». Å innføra presensforma sjåast kan isolert sett føra til færre formelle skrivefeil, men det vil gjera systemet attom norma for sjølvstendige st-verb i nynorsk meir komplisert enn i dag, i og med at det vil svekkja «byggjeklossprinsippet» om at formene i presens, preteritum og perfektum partistikk byggjer direkte på dei tilsvarande formene av det underliggende verbet. Vi meiner vidare at det er ein mangel ved høyringsframlegget at tilhøvet mellom vi sjåast som helsingfrase og den engelske tilsvarande frasen see you ikkje er drøfta. Det er heller ikkje sagt noko om kor stor del av bruksdøma av sjåast i presens som er ein del av dette faste uttrykket. Vi meiner det er ueheldig dersom eitt fast uttrykk skal vega altfor tungt når ein skal ta stilling til om eit verb i alle samanhengar skal få ei bøyning som vik av frå hovudregelen i nynorsk. Noregs Mållag meiner samla sett det er gode grunnar til ikkje å få vidare med framlegget om å ta inn sjåast som presensform, ettersom omsynet til stabilitet og sjølvstende, dei to viktigaste normeringsprinsippa, etter vårt syn ikkje talar for det.

INNSPEL TIL HANDLINGSPLAN FOR NORSK FAGSPRÅK I AKADEMIA

(28. APRIL 2023)

Noregs Mållag er særslig glade for at departementet no set i gang arbeidet med ein handlingsplan for norsk fagspråk. Noregs Mållag arbeider med å fremje nynorsk på alle område i det norske samfunnet, slik at nynorsk blir meir brukt i heile Noreg. Ein føresetnad for dette arbeidet er at norsk språk generelt har ein plass på alle samfunnsområde, spesielt i akademia. Universitets- og høgskulesektoren har alltid hatt ei rolle i å utvikle språket, gi det status og merksemd. Det gjorde ein viktig skilnad for det nynorske språket at det vart opna for å bruke det på universitetet. At sektoren no glir meir og meir vekk frå norsk, bør ikkje styresmaktene la skje. Vi vil i dette notatet fokusere mest på tiltak som kan vere aktuelle for å styrkje norsk fagspråk.

NORSK FAGSPRÅK ER BÅDE NYNORSK OG BOKMÅL

Noregs Mållag vil først ha sagt at norsk fagspråk er både nynorsk fagspråk og fagspråk på bokmål. Desse står i to heilt ulike situasjonar. Mange av verkemidla ein tar i bruk i kampen mot engelsk, vil vere til mest hjelpe for fagspråk på bokmål. For nynorsk fagspråk treng ein mange av dei same verkemidla, men sterkare.

NORSK FØRST

Sektoren bør ha eit overordna prinsipp om norsk først. Det gjeld i alle delar av verksemda og for alle tilsette. Norsk skal vere hovudarbeidsspråket og språket ein arbeider for å publisere på og drive forsking på. Bachelor- og masteroppgåver bør bli skrivne på norsk. Spesielt må studentar som vil skrive oppgåver på nynorsk, få støtte til det. Utgangspunktet skal til kvar tid vere norsk, og bruk av engelsk må såleis bli forklart og kunne forsvarast. Dette vil gi rom for engelsk, men sikrar norsk som hovudspråket, slik det bør vere i norsk høgare utdanning og forsking.

SPRÅKPRAKSIS

Vellukka språkarbeid kjem gjennom ei leiing som tek ansvar for språkarbeidet. Difor er det veldig bra at departementet no bruker tildelingsbreva til å setje språkkrav. Det bør ein halde fram med, og ein kan også leggje til fleire krav. I styringsdialogen med universiteta og høgskulane må status for norsk fagspråk takast opp. Det bør vere fast diskusjonspunkt, i det minste éin gong i året. Departementet må følgje opp Språkrådet si måling av språkpрактisen ved universiteta.

SPRÅKSTRATEGIAR

Veldig mange av universiteta og høgskulane har i dag vedtatt språkstrategiar og planar for bruk. Det bør vere eit krav at alle har dette. Vidare bør det vere krav om at desse blir følgde opp, slik at dette ikkje blir dokument som blir liggjande i ei skuff.

NORSKKOMPETANSE

Universitet og høgskular må stille krav til at utanlandske forskrarar som vert tilsette, skal lære seg norsk innan ei viss tid, slik at dei kan undervise og formidle på norsk. Ved tilsetjing av utanlandsk kompetanse må det bli sett av plass i stillinga dei første åra til at den tilsette kan lære seg norsk på eit sånt nivå at han kan bruke det i undervisning, at studentar kan levere norsk tekst til han og at

hen i samarbeid med kollegaer kan bruke norsk. Det er viktig at den tilsette har høve til å velje om hen skal lære nynorsk eller bokmål.

LÆREBØKER OG PENSUM

Ein må arbeide for at så mykje som mogleg av lærebøker og pensum er på norsk. Emneansvarlege må bli utfordra til å setje norskspråkleg-pensum på pensumlista. Det kan gjerne gjerast gjennom prosentkrav til kor mykje norskspråkleg pensum det skal vere til emnet. Slik aukar ein også behovet og etterspurnaden. I dette arbeidet må det også bli lukrativt å skrive lærebøker på norsk. Det må setjast av tid i stillingane til å formidle på norsk, og det må på plass eigne støtteordningar. Her må det igjen vere eigne støtteordningar for nynorsk. Ein veg inn i arbeidet er å byrje med at emne med mange studentar, skal ha heile pensum på norsk. Vidare bør ein kome fram til at emne på bachelor-nivå har norsk pensum. I dei største faga må det også vere eit krav at pensum er på nynorsk, f.eks. exphil, exfac, fleire introemne i ulike fag.

NYNORSK SOM FAGSPRÅK I UNDERSKOLE

Ein plass der det nynorske fagspråket er spesielt viktig, er i lærarutdanninga. Lærarutdanninga er i dag fag der ein ser at norsk står sterkare enn i mange andre fag. Slik må det halde fram, i tillegg må ein setje inn tiltak for at nynorsk fagspråk skal få plass i utdanninga også.

Lærarar på 1. til 10. trinn skal kunne bruke nynorsk på ein kvalifisert måte i profesjonssamanhang. Dei skal kunne undervise på nynorsk uansett kva fag dei underviser i. Det er ei stor utfordring for nynorskelevar at lærarar er for dårlege i språket. Viktige tiltak er derfor at utdanningsinstitusjonane sikrar at studentane får tilstrekkeleg opplæring i både skriftspråka, og at dei sørger for vurderingsformer som sikrar studentane sin skriftlege kompetanse i både skriftspråka.

SPRÅKTEKNOLOGI

At det vert utvikla språkteknologi som står både nynorsk og bokmål, er ein føresetnad for utvikling av norsk fagspråk. Dette føreset mellom anna at det blir utvikla og tilrettelagt store og kvalitativt gode digitaliserte korpus på bokmål og nynorsk - og på breidda av norske dialektar, som då kan danne grunnlag for språkmodellar for KI som bygger på norsk fagspråk.

I dag er det ei utfordring at viktige digitale verktøy for UH-tilsette ikkje står nynorsk og dialektar. Det gjeld til dømes programvare for transkribering eller teksting av undervisningsfilm. Eit mogeleg tiltak for å bøte på dette kan vere felles innkjøpskraft og sentralt påtrykk på produsentane.

SANKSJONAR TIL SPRÅKLOVA

Eit tiltak for å betre situasjonen for norsk fagspråk i akademia er å gi sanksjonsmoglegheiter i språklova. Vi har ei språklov med klare føresegner til akademia, som kan løyse delar av krisa for norsk fagspråk. Når sektoren likevel vel å sjå vekk frå lova, er det truleg sanksjonar som må til.

INNSPEL TIL LESELYSTSTRATEGIEN

(23. MAI 2023)

Innspel frå Noregs Mållag til leselyststrategi Noregs Mållag takkar for høvet til å kome med innspel til leselyststrategien til regjeringa. Me vil bruke høvet til å minne om at leselyststrategien også må vere eit løft for nynorsken. Språkpolitikk må vere ein sjølvsagt del av ein vellukka leselyststrategi. Me viser her til lov om språk §1 om at det offentlege har eit særleg ansvar for å styrke nynorsk som det minst brukte skriftspråket, og strategi for norsk fagspråk, lagt fram av regjeringa. Kva meiner de er dei tre største utfordringane knytte til lesing og leselyst? 1) Tilgang til bøker har ein tydeleg samanheng med prestasjonar i lesing, og ei hovudutfordring for leselysta er tilgangen på bøker. Dette gjeld særleg bøker for barn og ungdom på nynorsk. Ein rapport attgjeven i NRK i 2021, viser at berre 6 % av titlane for barn og unge er på nynorsk. På same tid har 13 % av elevane i grunnskulen nynorsk som hovudmål. Fleire av dei største forlaga har ikkje gjeve ut nynorsktitlar for barn og unge. Det er også eit problem at dei nynorske bøkene og leseressursane som alt finst på marknaden, ikkje finst i skulebiblioteka - heller ikkje i nynorskkrinsar. Det er også mangel på nynorskbøker og nynorske leseressursar i barnehagar i nynorskkrinsar. Det er ikkje kvaliteten på den litteraturen som blir gjeven ut, som er problemet. Det handlar om økonomiske prioriteringar, om haldningar og kunnskap. 2) Norsk tapar i konkuransen mot engelsk, spesielt hjå dei unge. Det er derfor vår oppfatning at ein leselyststrategi i hovudsak må dreie seg om lesing på norsk, gjerne også omsett litteratur. Ei utfordring her er at det blir gjeve ut mykje mindre omsett litteratur på nynorsk enn bokmål, særleg seriar, populærlitteratur, teikneseriar og litteratur for barn og unge. Nynorsk litteraturen er like god som litteraturen skriven på bokmål, men har vanskelegare økonomiske kår, og er ikkje like tilgjengeleg fysisk eller digitalt. Det er svært viktig at regjeringa i arbeidet med leselyst ikkje ser seg blind på leselysta isolert sett, men også hugsar på det språkpolitiske ansvaret sitt. Det krevst politiske og økonomiske verkemiddel for å gjere nynorsk litteraturen tilgjengeleg for dei som les, både for nynorskelevane og dei som skal lære nynorsk som sidemål. Ein leselyststrategi må ikkje føre til at nynorskelevane blir skikkeleg gode til å lese på bokmål og ikkje blir kjende i sitt eige språk. 3) Kompetanse og sjølvtillit hjå dei som skal formidle litteraturen til elevane er ei potensiell fallgruve. Det er lærarane og bibliotekarane som skal setje leselyststrategien ut i praksis. Det er dei som har hovudansvaret for formidlinga og det pedagogiske arbeidet, saman med ev. andre formidlarar. Det kan vere vanskeleg for lærarane å orientere seg i mengda bøker og tekstar som finst, og i mengda nye utgjevingar. Det er ein føresetnad for å kunne rettleie elevane til å finne rette bøker for dei. Det er viktig at dei som skal formidle litteraturen, er sjølvskre og kompetente i det dei skal formidle, og eit godt skulebibliotek er viktig for å rettleie elevane i lesinga deira. Kven vil vere dei tre viktigaste målgruppene for strategien? Det er i barnehagen og grunnskulen hovudgrunnlaget for ferdigheitene i lesing og skriving blir lagt. Derfor bør ein leselyststrategi i hovudsak vere retta mot barn og ungdom, nærmare bestemt barnehagane og grunnskulane. 1) Barnehagebarn blir dagleg eksponerte for språk, og dei skal bli nynorskelevar ein dag. Det er viktig at barnehagebarn i nynorskområde blir eksponerte tidleg for nynorsk som ein del av den daglege leiken og høgtlesinga i barnehagen. 2) I grunnskulen er det særleg viktig med tiltak for mellomtrinnet og ungdomsskulen. Det er her konkurransen med digitale og andre aktivitetar er størst. Det er også i denne alderen lesevanar blir lagde. Det nyttar ikkje at ein har gode lesevanar som barn, dersom desse forsvinn når ein byrjar på ungdomsskulen. Ein må leggje ein strategi som følgjer elevane gjennom heile skuleløpet. Gode lesevanar for grunnskulelevar vil påverke dei når dei byrjar på vidaregåande skule, og inn i vaksenlivet. 3) Det er viktig å minne både lærarar og bibliotekarar på at dei må sørge for at elevane les på nynorsk. Lærarar og bibliotekarar må hugse å tilrå og gje nynorskbøker til elevane, spesielt i nynorskkrinsar. Det krev at tilgangen på nynorskbøker er god, og det er eit offentleg ansvar å sørge for det. Kva bør dei tre viktigaste tiltaka i strategien vere? Noregs Mållag er heilt

samd med dei andre innsende innspela om at ei styrking av skulebiblioteka er det viktigaste verkemiddelet for å lukkast med ein leselyststrategi. Skulane må ha skulebibliotek, og desse må få lovfesta kvalitets- og kompetansekrav som det blir sett av pengar til at kan følgjast. Skulebiblioteka må inn i innkjøpsordninga. Noregs Mållag vil kome med tre spissa tiltak for språk og nynorsk me meiner bør kome i tillegg: 1) Det offentlege må sikre at den nynorske litteraturen som finst, faktisk kjem ut til folk i heile landet, men særleg nynorskkirinsar. Det må vere ei ekstra nynorsksatsing til skulebiblioteka og biblioteka. Det bør vere fleire eksemplar av kvar bok, og særleg tydeleg formidling av nynorske bøker, spesielt i nynorskkirinsar. Det offentlege må stimulere til at det blir gjeve ut fleire nynorskbøker for barn og unge på nynorsk, og må løyve meir pengar til å få gjeve ut fleire seriar - gjerne også omsette seriar - til nynorsk. Vi veit at mange barn og unge, skular og foreldre spør etter det. Omsett barne- og ungdomslitteratur til nynorsk må derfor inn i innkjøpsordninga. Det må vere opning for at ein kan lese alle litterære sjangrar, sakprosa, teikneseriar eller aviser. Det må ikkje vere ein motsetnad mellom lesing på t.d. nettrett og lesing på papir. Dei litterære opplevingane må stå i sentrum, ikkje kvar ein les dei. Det må vere tilgjengeleg noko for alle smakar og interesser, og ein må unngå stereotypiar som «gutar les ikkje» eller at «alle» likar fotballbøker eller fantasy. Det må generelt bli sett av meir pengar til bøker på nynorsk, i alle ledd av verdikjeda, både til utgjeving, formidling og innkjøp. Dette kan gjerast i samarbeid mellom kultur- og lesesentera, bibliotek, lokale mållag, skulane, forlag og forfattarar. 2) Det krevst ulike tiltak for å styrkje nynorsk og bokmål. Det å endre haldningane til lesing i positiv retning må innebere å endre haldningane til å lese nynorsk. Alle skal kunne lese nynorsk, og alle skal ha lyst til å lese nynorsk. I barnehagane er det viktig at ein les nynorskbøker på nynorsk, og bokmålsbøker på dialekt. Det gjeld også songar, rim og regler, som bør gjerast på nynorsk. Ein må også sikre at nynorskarne har slike ressursar og bøker på nynorsk. Det må leselyststrategien vere med å sørge for at blir ein realitet. Leseaksjonar er viktige tiltak. Dei offentleg finansierte kampanjane gjennom Foreningen les! engasjerer mange klassar kvart einaste år, og dei gjer ein uvurderleg jobb for lesing. Men det trengst fleire slike kvalitetssikra og språkpolitisk medvitne lesekampanjar, og vi treng fleire reine lesekampanjar på nynorsk for fleire trinn, lik Tid for ti som er ein lesekampanje på nynorsk på sjuande trinn. Kvart klassesteg bør ha ein lesekasjon eller ein intensiv leseperiode kvart år. Når ein har lesekampanjar, må ikkje dei føre til at det blir meir bokmål i dei nynorske klasseromma. I Bokslukerprisen er berre to av dei ti utvalde bøkene på nynorsk i år. Det kan det vere mange grunnar til, mellom anna kan det handle om tilgangen på bøker for aldersgruppa på nynorsk. For mange bokmålselever kan det bety at dei les to bøker meir på nynorsk enn dei elles ville gjort. For nynorskelevane betyr det at dei les åtte bøker på sidemålet sitt og berre to på sitt eige hovudmål. Det må vere eit mål i seg sjølv at alle les meir på nynorsk, men utan å gjere nynorsktilbodet til nynorskelevane därlegare. Ein bør sikre at det alltid er ein god balanse mellom dei jamstilte språka nynorsk og bokmål. Dei kommersielle lesekampanjane og leseliftaka til bokhandlarkjedane som får stor plass i skulen, er i praksis bokmålskampanjar, og det er svært uheldig. Dette må bibliotekarar, lærarar, litteraturformidlarar og initiativtakarar av lesekampanjar- og konkurransar vere medvitne om, og det er eit politisk ansvar å sørge for at dei blir det, gjennom kunnskap, økonomiske satsingar og haldningsskapande arbeid. 3) Sørgje for at bibliotekarane og lærarane i nynorskkirinsar gjev folk nynorskbøker. Noregs Mållag er overtydd om at elevane i all hovudsak vil ha gode historier. Nynorsk er ikkje noko korkje elevar eller lærarar skal vere redde for. Nynorsk blir eit problem i den grad ein lagar det til eit problem, og me er kjende med at mange lærarar er «redde for» haldningane til nynorsk blant elevane. Samstundes kan også dei vaksne sine haldningane til nynorsk vere sjølvé kjernen i problemet. Haldningane til nynorsk, akkurat som haldningane til lesing, kjem i stor grad frå dei vaksne og kva forventningar som blir lagde over på elevane. Dersom ein gjev elevane ei nynorskbok som er god, vil ikkje elevane tenkje særleg over kva språk ho er på. Det er viktig å formidle dette til lærarar og bibliotekarar. Det er også viktig å minne om at alle lærarar er leselærarar, og at ikkje alt ansvar for lesing berre fell på norsklæraren. Vaksne må gå fram som gode føredøme. Har de gode døme på kva som bidreg til leselyst? Me har alt nemnt tilgangen på bøker. For at ein skal bli glad i å lese, må det bli ein vane og ein del av kvardagen. Då treng ein å setje av tid, og ein må ha gode stader der ein kan lese. Alle

klassar bør ha faste bibliotektimar i løpet av veka, slik dei har det på biblioteket på Gamlebyen skole i Oslo, som nyleg vart kåra til årets bibliotek. Der har litteratur og lesing blitt ein viktig del av skulekvardagen. Det er også viktig at klassane har faste lesetider jamleg. Det er også viktig med fellesskap og høgtlesing. Ein kan lage sosiale samkomer i regi av skulen der lesing er ein viktig, felles aktivitet. Døme på dette kan vere diktettermiddag, bokbading, litteraturløype eller lesevake. Ein kan vise fram idol og influensarar som markerer seg som lesarar og lesande førebilete, gjerne unge menn. Det er alltid stor stas å få forfattarbesøk, uansett kvar i landet ein er. Særleg kan forfattarane sjølve vere inspirerande formidlarar av nynorsklitteratur. Andre ting Vi vil også understreke det språkpolitiske ansvaret det offentlege har, og at nynorsk som det minst brukte skriftspråket skal styrkjast. Det er naturleg at leselyststrategien blir ei reell praktisering av dette ansvaret.

HØYRINGSSVAR FRÅ NOREGS MÅLLAG: ENDRINGAR I FORSKRIFT OM RAMMEPLANAR FOR LÆRARUTDANNINGANE

(8. JUNI 2023)

Noregs Mållag vil gjerne kome med innspel til endringar i forskrift om rammeplanar for lærarutdanningane. I dag er det ulik praksis for å gje nynorskoplæring i lærarutdanningane på dei ulike utdanningsinstitusjonane. Etterutdanningstilbodet i nynorsk er òg for dårlig. I det heile finst det ikkje eit system for å sikre at lærarutdanningane gjer framtidige lærarar, uansett kva fag, kompetente til å undervise på og i nynorsk som hovudmål.

Låg nynorskkompetanse blant lærarar er eitt av dei største trugsmåla mot nynorsken i skulen og ein av grunnane til språkskifte, særleg i randsonene. Læreplanverket definerer lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheter som skal øvast opp i alle fag, og slår mellom anna fast at «desse ferdighetene er del av den faglege kompetansen og nødvendige reiskapar for læring og fagleg forståing. Dei er òg viktige for utviklinga av identitet og sosiale relasjonar hos elevane og for å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv. [...] Lærarar i alle fag skal støtte elevane i arbeidet med grunnleggjande ferdigheter.» For å nå måla i læreplanverket også for nynorskelever, er det avgjerande at lærarane i alle teoretiske fag har reelle kvalifikasjonar i nynorsk, ikkje berre formelle. Det vil opne for at også nynorskelever kan få den avgjerande mengetreninga som ligg til grunn for ei god lese- og skriveoplæring.

Noregs Mållag vil også vise til Prop. 57 L (2022-2023) LOV OM GRUNNSKOLEOPPLÆRINGA OG DEN VIDAREGÅANDE OPPLÆRINGA (OPPLÆRINGSLOVA), der Kunnskapsdepartementet har sendt vidare spørsmålet og konkretiseringa til forskrift. «Departementet har merka seg at enkelte høyringsinstansar ønskjer at lova skal presisere at læraren må ha kunnskap i både nynorsk og bokmål. [...] I tråd med prinsippa for regelstyring meiner departementet at lova bør gi overordna reglar, medan meir detaljerte reglar skal stå i forskrift. Dei nærmere krava til tilsetjing på ulike trinn osv. vil derfor fastsetjast i forskrift, jf. forskriftsheimelen i lovforlaget § 17-3 tredje ledd.»

Mållaget meiner at rammeplanane for lærarutdanningane er avgjerande for kva undervisning og tiltak som blir gjennomført ved institusjonane. Det er difor viktig at rammeplanane set klåre krav. Den faglege fridomen til institusjonane må ikkje vege tyngre enn kravet om at lærarutdanningane skal sikre lik kompetanse uansett kor ein har studert. Gode vilkår for nynorsk viser seg stadig å vere sterkt avhengig av klar styring. Utan ein rammeplan som stiller krav til kva nynorskkompetanse studentane skal gå ut av utdanninga med, vil resultatet mest truleg bli at nynorsk vert sett til side. All forsking som er gjort på feltet viser at formuleringane som er i rammeplanane er sentrale for nynorskoplæringa.

Det er føreslått å stryke paragraf 4 punkt 3 i GLU 1-7 og GLU 5-10 som inneheld krav om at programplanen skal skrive ned utvikling av kommunikasjonsferdigheter - munnleg og skriftleg (bokmål og nynorsk). Ei viktig presisering, som IKKJE må takast vekk frå forskrifta. I rammeplanen for lektorutdanninga og PPU står det ingenting om kompetanse i nynorsk og bokmåls. Rammeplanane for desse studia må også ha med språkkompetanse. Det er viktig at pedagogen kan møte eleven i språket hans.

Ein treng eit større løft for nynorsk i lærarutdanningane. I dag står det i rammeplanane for barnehagelærar, GLU 1-7 og GLU 5-10, i paragraf 2 under generell kompetanse at «kandidaten skal beherske norsk munnleg og skriftleg, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng.» Det er i lita grad skrive ned korleis ein måler og jobbar

mot denne kompetansen. Det blir løyst på ulike vis ved dei ulike institusjonane. Noregs Mållag ønskjer at det skal kome fram på vitnemålet kva nynorskkompetanse kandidaten har. Det bør gjennomførast nasjonale deleksamenar for å sikre dette. Lærarstudentar som har hatt fritak frå vurdering i sidemål i den vidaregåande skulen, skal ikkje få fritak i lærarutdanninga. Det må leggjast opp pensum, drivast opplæring og nivået til studentane må vurderast i både nynorsk og bokmål. Lærar- og lektorstudentane som skal undervise i norsk, må få opplæring i nynorskidaktikk. Utdanningane må leggje grunnlaget for at lærarstudentane går ut av utdanninga med gode haldningar til nynorsk.

I grunnskulelærarutdanninga for trinn 1-7 er det obligatorisk med 30 studiepoeng i norsk. Dette bør vere eit krav for alle lærar-, lektor- og PPU-utdanningane, men i det minste også vere krav i grunnskulelærarutdanninga for trinn 5-10. Det er vedteke i ny opplæringslov som skal gjelde frå skuleåret 2024/2025, at elevar har rett til å gå i språkdelte grupper ut heile grunnskulen. Det har før berre vore pålagt frå 1.-7. trinn .Lærarar frå 1-10 skal no uansett trinn kunne drive undervisning uansett fag, på både bokmål og nynorsk.

HØYRINGSSVAR: UTKAST TIL ENDRINGAR I KULTURLOVA

(30. JUNI 2023)

Noregs Mållag takkar for høvet til å kome med høyringssvar til lov 29. juni 2007 nr. 89 om offentlege styresmakter sitt ansvar for kulturverksemd (kulturlova).

Noregs Mållag står dei endringane i kulturlova som er føreslegne. Vi vil samstundes bruke høvet til å minne om nynorsken og det språkpolitiske sin plass i kulturpolitikken.

Forslaga til endringar i kulturlova kjem som ein konsekvens av tilrådingar frå rapporten til Ytringsfridomskommisjonen NOU 2022:9: En åpen og opplyst offentlig samtale. I vårt høyringssvar til denne rapporten, skreiv vi at moglegeitene for å ytre seg er vanskelegare for brukarar av nynorsk enn for bokmåksbrukarar. Men det er også vanskelegare forhold for brukarar av samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk.

Lov om språk (språklova) vart sett i kraft i 2022 og stadfestar at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukte av dei norske skriftspråka. Språklova må praktiserast på dei samfunnsonråda det er føremålstenleg. Noregs Mållag meiner kulturpolitikken og kulturlova er ein sjølvsagt stad der språklova må bli teken til følgje.

Armlengdeprinsippet må ikkje stå i vegen for at ein kan setje språkkrav til produksjonar og produsentar. Armlengdesprinsippet må heller ikkje kome i vegen for at det skal vere mogleg å gje særskilte løyvingar til initiativ, produksjonar og framføringer som er på nynorsk, samisk eller kvensk. Det er oppfatninga til Noregs Mållag at språklege mål og språkpolitiske omsyn går under «legitime politiske mål» eller «legitime omsyn», som til dømes at kunst- og kulturtildelinget når flest mogleg. Begge desse omsyna er nemnde i høyringsutkastet på side 24.

Det nynorske ytringsrommet er avhengig av at det vert produsert og utvikla ny journalistikk, scenetekst, litteratur og teksting på nynorsk av mangfaldige røyster. Politikken for desse områda må ta innover seg at ytringsrommet er ulikt for dei to norske skriftspråka, og at det trengst andre og særlege tiltak for å sikre og styrkje nynorsk på desse viktige områda i ytringskulturen vår.

Kulturtildeling på nynorsk, samisk og kvensk er like godt som alt anna, men har større økonomiske utfordringar. Difor vil det i mange høve vere avgjerande med særskilte løyvingar og tiltak. Dette er viktig for å sikre kultur på nynorsk, samisk og kvensk like gode vilkår som majoritetskulturen. Til dømes kjempar no Det Norske Teatret for å sikre seg ei løyving som er like stor som den til Nationaltheatret.

Det offentlege må leggje til rette for meir nynorsk i populærkulturelle arenaer og leggje til rette for eigne nynorske organ / fagmiljø som utviklar og utvidar ytringsrommet for barn og ungdom.

HØRING FORSLAG TIL ENDRINGER I BARNEHAGELOVEN MED FORSKRIFTER (STYRING OG FINANSIERING AV BARNEHAGESEKTOREN)

(1. FEBRUAR 2024)

Noregs Mållag ynskjer å gje høyringssvar til endringane i barnehagelova med forskrifter. Barnehagen er ein viktig språkaktør, og for mange det første offentlege møtet med språk og språkopplæring. Barnehagen har eit språkstimuleringsansvar og skal såleis ikkje drive med direkte språkopplæring, men vise språket fram til barna.

Noregs Mållag besøkjer kvart år fleire barnehagar og barnehageeigarar og får tilbakemeldingar frå foreldre med barn i barnehage. Våre erfaringar tilseier at barnehagen i mindre grad er bevisst på dette språkstimuleringsansvaret, spesielt at det også gir eit ansvar for nynorsk språkstimulering. I barnehagar som soknar til nynorske skulekrinsar, er det viktig at språkstimuleringa barna får oppleve, er på nynorsk. Det gir ein stor fordel for barn som skal byrje med bokmål som opplæringsspråk, at dei er godt kjende med å sjå språket rundt seg. Barnehagen må ta ansvar for at barn som skal ha nynorsk som opplæringsspråk, får oppleve å bli kjende med språket, ordbilete og lydar før dei tek til med opplæringa. På same vis som barna som skal ha bokmål, får.

Denne høyringa tek for seg framlegg til endringar i barnehagelova som handlar om styringa og finansieringa av barnehagane. I den samanhengen er det også på sin plass å bringe språket inn i diskusjonen. Departementet føreslår å lovfeste at kommunen kan stille vilkår som har sakleg samanheng med etableringsgodkjenning, og som ikkje er for tyngjande for barnehagen. Noregs Mållag vil peike på at eit slikt vilkår kan vere at barnehagen skal ha nynorsk opplæringsspråk, eller drive nynorsk språkstimulering.

Noregs Mållag vil vi minne om prinsippet og ansvaret det offentlege har for nynorsk som mindretalsspråk etter § 1 tredje ledd i språklova. I ei kvar utgreiing og endring, spesielt i opplæringssektoren, er det viktig at konsekvensen eller verknaden det kan ha for nynorsk, blir diskutert. Nynorsk er i mindretal og krev difor andre tiltak og ei annleis handsaming enn bokmål. Dette bør vere del av til dømes utgreiingar og vurderingar til endringar i barnehagelova.

HØRING NOU 2023: 27 ET NYTT SYSTEM FOR KVALITETSUTVIKLING - FOR ELEVENES LÆRING OG TRIVSEL

(20. FEBRUAR 2024)

Noregs Mållag svarar med dette på høyring av NOU 2023: 27 Et nytt system for kvalitetsutvikling - for elevens læring og trivsel. Noregs Mållag har lenge sett fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling i skulen. Skulen er den viktigaste språklege arenaen. Det er staden dei fleste nynorskbrukarane kjem til, og det er også staden der mange etter kvart vel å gå vekk frå skriftspråket nynorsk. Mållaget meiner at kvaliteten på nynorskundervisninga, hjelpemiddel og verktøy, kompetanse hos lærarane og styringsvilje hos skuleleiinga er sentrale moment for status og oppleving for og av nynorsk.

Mållaget har lenge ønskt ei kvalitetsutvikling av nynorskopplæringa. Vi ønskjer fleire av framlegga til utvalet velkomne. Desse kjem vi til lenger ned i teksten. Noregs Mållag vil først peike på at denne utgreiinga er skriven utan at nynorsk er nemnd. Jamfør § 1 tredje ledd i språklova har det offentlege eit særskilt ansvar for å fremje nynorsk. Det krev eit medvite arbeid i alle sektorar, spesielt kunnskap- og opplæringssektoren. Det er behov for eigne tiltak for å løfte nynorsk. Nynorskelever står i ein annan opplæringsituasjon enn elevane med opplæring på bokmål. For den nynorske opplæringa er det stort behov for ei kvalitetsvurdering, og ei kvalitetsutvikling.

På same måte som Sametinget har etterspurt informasjon som kan seie noko om kvaliteten på opplæringa dei samiske elevane får, er det også behov for informasjon om opplæringa elevane som har nynorsk som opplæringsspråk, får. Over 70.000 elevar i grunnskulen skal få opplæringa si på nynorsk. Det har vore lite til inga oversikt over korleis kvaliteten på opplæringa er for desse elevane. Det er viktig at kvalitetsutviklinga i opplæringa blir bygd ut frå at vi har to norske skriftspråk, og at dei same tiltaka ikkje alltid vil fungere likt for dei to skriftspråka. Det må skje ei eiga kvalitetsvurdering av opplæringa til elevar med nynorsk som opplæringsspråk, på same vis som ein må gjere ei eiga vurdering av kvaliteten på opplæringa til elevane som har samisk som opplæringsspråk.

Vi treng eit heilsakleg syn på korleis ein kan drive betring av kvaliteten. Nynorskopplæring handlar om opplæringa i nynorsk, som alle elevar skal gjennom i norskfaget anten som sidemål eller hovedmål. Samstundes er skrive- og leseopplæringa ein grunnleggjande dugleik som ein skal trenre i alle fag. Då treng ein god kvalitet på opplæringa, og mekanismar som kan vurdere denne kvaliteten også i dei andre faga. For elevar som har nynorsk som hovedmål og går på skular der nynorsk er opplæringspråket, skal nynorsk vere ein del av heile skuledagen i alle fag. Dette gir grunnlaget til at der må vere eit heilsakleg syn på korleis ein måler kvalitet og på kva måte ein driv kvalitetsutvikling for opplæring i og på nynorsk.

Kvalitetsutviklinga er også sentral for dei som har nynorsk som sidemål. Nynorsk og bokmål har vore jamstilte mål i Noreg sidan 1885. Sidan 1892 har vi hatt vedtak om at elevane i skulen skal lære begge språka. Dette er sjølv grunnlaget for jamstillinga og den språklege fridomen i Noreg. Det er tydeleg at mange elevar i dag anten har vanskar med sidemålet eller opplever faget som tungt og utan mening. Dette gjeld i hovudsak elevane med nynorsk som sidemål. Behovet for kvalitetsutvikling er stort. Gjennom at alle lærer nynorsk og bokmål, aukar vi språkkunnskapane til folk og sikrar det språklege mangfaldet.

Utvalet trekkjer fram at eksamen påverkar norskundervisninga. Det blir vist til at eksamen i faget gir ei tolking og retning i faget, samstundes som undervisninga visstnok blir meir einsidig, Mållaget vil peike på at eksamenskarakterane i norskfaget er viktige, spesielt for nynorsk. I eit norskfag med ein full læreplan er eksamenskarakteren viktig for å sikre plass og rom til undervisning i nynorsk,

spesielt som sidemål. Eksamenskarakteren er sånn eit viktig insentiv for å sikre opplæring. Fleirtalet i utvalet føreslår å avvikle eksamen i grunnskulen, når det er etablert varige strukturar for arbeidet til lærarane med standpunktvrurdering. Vi vil åtvare mot dette fordi ein då tar vekk det mest sentrale insentivet for å syte for tilfredsstillande sidemålsopplæring. Ein må likevel bruke tid på å utvikle strukturar som sikrar ei endå betre opplæring i sidemålet.

Som utvalet sjølv peikar på, har læraren ei sentral rolle. At læraren er kompetent, er sentralt. § 17-1 i den nye opplæringslova slår fast at kommunen og fylkeskommunen skal syte for rett og naudsynt kompetanse i skulen. Mållaget er einig i at det er viktig at lærarane som er tilsette i skulen, har lærar- og utdanningskompetanse. Dei må også ha nynorskkompetanse, og dette er del av den kompetansen fylkeskommunar og kommunar har ansvar for at er i skulen. Då må lærarutdanninga svare på dette kravet. Som utvalet skriv, må ein del av kvalitetsutviklinga skje i lærarutdanningane. Nynorskcenteret leverte hausten 2023 ein rapport der det kjem fram at ved fleire lærarutdanningar i landet, kan ein gå ut av studiet utan å ha fått formelt testa kompetansen i nynorsk. Ei kvalitetsutvikling i lærarutdanninga må også handle om kompetanse i nynorsk og om korleis lære vekk på nynorsk.

Mållaget er einig med utvalet om at det er behov for at informasjonen nasjonale styresmakter publiserer om den vidaregåande opplæringa, har lik kvalitet og likt omfang som den for grunnskulen. Det å ha årlege oppdaterte tal på skriftspråk er viktig. Desse tala er med på å legge grunnlaget for at ein kan finne fram til gode og riktige tiltak for korleis ein skal sikre elevar god opplæring og følgje opp retninga språklova stakar ut.

HØYRINGSSVAR FRÅ NOREGS MÅLLAG TIL NOU 2023:29 ABORT I NORGE - NY LOV OG BEDRE TJENESTER

(22. MARS 2024)

Synpunkt:

Noregs Mållag meiner at den nye abortlova bør vedtakast på nynorsk.

Grunngjeving:

Når Stortinget vedtek ei lov, er ho skriven anten på bokmål eller nynorsk - men stort sett på bokmål. I dag er i overkant av 14 prosent av lovene på nynorsk, og desse utgjer litt over 11 prosent av tekstmengda i lovverket.

I St.meld. nr. 35 (2007-2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* vart det sagt at “[m]ålet må vera at minst 25 prosent av lovverket rekna i tekstmengd etter kvart skal vera på nynorsk”. Dette er eit språkpolitisk mål som er like aktuelt i 2024 som i 2008.

Noregs Mållag meiner det er på høg tid at regjeringa og Stortinget gjer eit krafttak for å få fleire lover på nynorsk. Frå no av bør difor alle nye lover vedtakast på nynorsk til me når målet om 25 prosent. Kvart år vedtek Stortinget rundt 20 nye sjølvstendige lover. Med eit slikt grep vil nynorskprosenten auke raskt, med den bonusen at me får nye lover på nynorsk over heile breidda av rettsområdet.

Den nye språklova frå 2021 opna eit nytt kapittel i norsk språkhistorie. No skal nynorsken aktivt fremjast av det offentlege Noreg, nettopp fordi det er det minst brukte av dei to jamstilte norske skriftspråka, med tilslutnad frå eit samrøystes Storting.

I det særlege ansvaret det offentlege har for å fremje nynorsk, må det òg ligge at både regjeringa og Stortinget må ta språkpolitisk ansvar og syte for at også fordelinga mellom nynorsk og bokmål i Noregs lover er i samsvar med intensjonane i språklova.